



Årsmelding 2025



Innholdsoversikt

Årsmelding 2025

Aust-Agder museum og arkiv IKS

Vedtatt av representatskapet 04.05.2026

Org.nr. 986 088 695

Direktøren har ordet	3
Aust-Agder museum og arkiv si samfunnsrolle og mål	4
Høgdepunkt i 2025.....	6
Besøktal 2025	8
Aktivt samarbeid	11
Nye utstillinger	15
Arkiv og dokumentasjonsforvaltning.....	17
Utviklings- og utbyggingsprosjekt	19
Aktivitetar og tiltak innan strategiske målområde	22
Samfunnsaktuell og samfunnsorientert.....	22
Gjestfri og mangfaldig.....	24
Solid kunnskapsutvikling og forvaltning	26
Optimal organisering og sikkert drift	29
Oversyn over arrangement, inntak, publikasjonar, nettverk, medlemskap og prosjektmidlar	32
Styreleiaren har ordet	39
Styrets melding	40

Foto forside, venstre til høyre:

Rygnestad med loft i framgrunnen. Foto: Gerd Corrigan. Digitalisering av historisk dokument. Foto: Gerd Corrigan.

Bunad hodeplagg frå ny utstilling i Setesdal. Foto: Eigunn Stav Sætre

Veteranbilvårsleppet på Dømmesmoen. Foto: Johnny Aasen. Merdø gård med ny brygge. Foto: Gerd Corrigan.

Direktøren har ordet

I ei tid og i ei verd med stor uvisse, og med krig i Noreg sine nærområde, er den politiske budskapet klar: Tryggleik og beredskap må prioriterast, og kultursektoren må førebu seg på trongare økonomiske tider. Og ja, sjølvstund må kulturarvinstitusjonane drivast med stor respekt og audmjukskap for at vi forvaltar offentlege midlar i krevjande tider for både kommunar, fylkeskommunar og stat. Og ja, sjølvstund må vi som leiarar ta ansvar for profesjonell og forsvarleg drift. Men å setje kultur og beredskap opp mot kvarandre kjennest framand. Kulturinstitusjonar er samfunnsinstitusjonar. For Aust-Agder museum og arkiv er samfunnsperspektivet ein raud tråd i verksemda. Gjennom oppgåvene som rådgivingsmiljø for kommunane på arkivområdet, og det ambisiøse arbeidet vårt med privatarkiv og museum, er verksemda på ulike måtar vevd inn i grunnleggjande samfunnsoppgåver.

I arbeidet med kommunane sine arkiv har vi det siste året lagt stor vekt på å styrkje og profesjonalisere dialogen med eigarkommunane om deira behov for fagleg støtte og rådgiving. På området privatarkiv har vi fått stor anerkjenning for arbeidet på nasjonale arenaer. Dette kjem til uttrykk gjennom viktige tilskot og støtte frå Kulturrådet og Arkivverket (Nasjonalarkivet). At vi vart nominerte til prisen for «Årets privatarkiv» er eit uttrykk for det same. Vi vart òg nominerte til prisen for «Årets publikumsutviklar», i godt selskap med Nasjonalmuseet og Den Nationale Scene.

På musea våre kjem samfunnsrolla mest tydeleg til syne der vi verkar i små, tette lokalsamfunn. Vi er ei verksemd med stort spenn i musea og besøksstadene våre. Når vi opnar dørene til arrangement på musea i Setesdal, blir museet ein

samfunnsarena. Museet blir ein stad for samvær og fellesskap om tema og spørsmål som framleis er brennbare og skaper uro i verda. Kven er vi som samfunn, kva er våre tradisjonar og vår historie, kvar går våre grenser, kven er med i fellesskapet, og kven blir halden utanfor?

I året som har gått, har vi reist desse spørsmåla i fleire ulike samanhengar. Utstillinga «De båtreisende» viser historiske fotografi som på ein heilt særeigen og kjenslevar måte dokumenterer livet til ei utsett folkegruppe. I utstillinga «Løynd», som opna på Setesdalsmuseet på førsommaren, undersøker vi - og byggjer bru mellom materiell og immateriell kulturarv. Lyden av Setesdal er vevd inn ved hjelp av ny teknologi.

Oppdraget vårt er vidfemnande. Forsking, forvaltning og formidling skal ha høg fagleg kvalitet og bindast saman på måtar som kjem publikum til gode. På forskingsområdet er sterke fagmiljø ein føresetnad for å lukkast som ein regional kulturarvinstitusjon. I året som har gått, har vi styrkt forskingssamarbeidet i Agder og nasjonalt. I oktober arrangerte AAma Norges Museumsforbund si nasjonale forskarkonferanse på KUBEN. Konferansen hadde deltakarar frå heile landet, høgt nivå på dei forskingsfaglege bidraga og sterk deltaking frå dei tilsette i AAma. På denne måten byggjer vi både eit sterkare AAma-lag, vi markerer oss fagleg og vi tek vår del av ansvaret for utviklinga av museumsfeltet i Noreg.

Takk til publikum, og til engasjerte eigarar og samarbeidspartnarar for eit godt år.



Ellen K. Aslaksen, direktør

Aust-Agder museum og arkiv si samfunnsrolle og mål

Førmålet til Aust-Agder museum og arkiv er formulert slik i selskapsavtalen:

Aust-Agder museum og arkiv IKS skal forvalta, driva og utvikla museums- og arkivfeltet i Aust-Agder ved å:

- arbeida for at verdifulle kulturminne, bygningar, gjenstandar, arkiv og andre informasjonsberarar av historisk og administrativ verdi blir samla inn, teke vare på og gjort tilgjengelege for allmenta, for forskning, kulturelle og administrative formål.
- aktivt formidla samlingane til institusjonen og avtalepartane saman med historia og kulturarven i fylket slik at det fremjar velferda og dei demokratiske rettane til innbyggjarane. Barn og unge skal prioriterast i formidlinga.
- arbeida aktivt med forvaltning, forskning, formidling og publisering, gjera Aust-Agders kultur og historie levande for befolkninga og bidra til aktiv distriktsutvikling i Aust-Agder.
- vera faginstans for deltakarane i museums- og arkivfaglege spørsmål.
- utvikla fagleg og administrativ kompetanse ved lokale museum og samlingar og arbeida for at lokale kulturminne og lokal tradisjon blir teken vare på.



Dampbåten D/S Bjoren er eit flytande kulturminne og eit teknisk museum i eitt. Takket vere solid dugnadsinnsats og dyktige fagfolk seglar ho framleis på Byglandsfjorden.
Foto: Therese Møle Larsen/AAma

Ambisiøs og nyskapande kulturarvinstusjon med breitt oppdag = AAmo-modellen

Vår strategi har fire målområde. Vi vil vere:

1. Samfunnsaktuell og samtidsorientert

AAma skal være synlig og relevant for det samfunnet vi er en del av, og vise at fortiden er en del av nåtiden.

2. Gjestfri og mangfoldig

Alle skal føle seg velkommen til å besøke og bruke oss. Vi skal ha et bredt og inkluderende tilbud. Mangfoldsperspektivet skal være et bærende element i arbeidet vårt.

Vi vil ha:

3. Solid kunnskapsutvikling og forvaltning

AAma skal være en synlig og solid kunnskapsinstitusjon ved å drive med forskning, formidling og forvaltning av høy kvalitet.

4. Optimal organisering og sikker drift

AAma skal være en profesjonell og lærende organisasjon med evne til endring. Vi skal ha solid økonomi, god målstyring og langsiktig planlegging.



Øverst:
Veteranbilvårsleppet på Dømmesmoen er eitt av dei mest populære arrangementa til Grimstad bys museer. Her samlast veteranbilinteresserte og andre frå heile distriktet.
Foto: Johnny Aasen

Nederst:
Frå opninga av utstillinga «De båtreisende» på KUBEN 8. april. Representantar frå Landsorganisasjonen for Romanifolket deltok.
Foto: Gerd Corrigan/AAma

Høgdepunkt i 2025

Felles årskort til musea i Agder saman med Vest-Agder-museet

I november lanserte vi, i samarbeid med Vest-Agder-museet, eit felles årskort for våre museum. Kortet kostar 500 kroner for einskildpersonar og 900 kroner for familie, og gir fri inngong til 40 museum og besøksstader i Agder. Det gir òg gratis inngong til dei fleste arrangement som føredrag, omvisingar og utstillingsopningar.

Setesdalsmuseet i samarbeid med lokalbefolkninga om nye utstillingar

I samband med første del av utstillinga «Løyni» har Setesdalsmuseet hatt tett samarbeid med kulturberarar innan drakt, tekstil, sølvsmekunst og språk i regionen. Medverknad og involvering gjennom heile utstillingsprosessen har vore viktig for å styrke lokalt eigarskap til museet og utstillinga. Utøvarmiljø og tradisjonskunnige medverka i førebuing til utstillingane «Se, bestemor! Vi danser saman» og «Løyni II», som opnar i 2026. Setesdalsmuseet har opna opp lokala for frivilligheita, slik at tilverkarar kan vidareføre den handlingsbåre kompetansen.





Merdø meir tilgjengeleg for alle

Vi har i fleire år jobba for å styrke arbeidet med kystkultur ved Merdøgaard museum. Merdø er den einaste uthavna i Agder som har et eige museum. Med museet blir eit unikt kystkulturmiljø og rekreasjonsområde tilgjengeleg for alle. Hausten 2024 kunne vi endeleg starte arbeidet med å rive den øydelagde brygga, og i 2025 starta bygginga. I juni kunne vi endeleg feire opninga av ny brygge!

Milliondryss i statleg prosjektstøtte

Det statlege Arkivverket (Nasjonalarkivet frå 1.1.2026) tildelte i år totalt 17,2 millionar kroner til ulike arkivutviklingstiltak. Av desse fekk Aust-Agder museum og arkiv ti prosent av den totale potten. AAmA var den enkeltinstitusjonen som har mottatt mest prosjektstøtte av alle. AAmA fekk tilsegn på tre av fire søknader og fekk innvilga heile beløpet det ble søkt om på dei tre prosjekta. Dei var:

- Fløistad-samlingen - unik historisk fotosamling av kvinnelige fotografer i Grimstad (450 000 kroner)
- Ordning av privatarkiver fra Setesdal (300 000 kroner)
- Pressefoto på Agder - bevaring og tilgjengeliggjøring av bildearkivene fra Agderposten og Fædrelandsvennen (1 000 000 kroner)

Heile AAmA på studietur til Stavanger

13.-15. oktober var heile personalet i AAmA på studietur til Stavanger. Det var tre dagar med tettpakka innhald, med mellom anna besøk til fleire avdelingar av Museum Stavanger, Utstein kloster, Stavanger domkyrkje og Arkivenes hus. Med i bagasjen heim hadde vi mye ny inspirasjon og fagleg påfyll.

Kunnskapsgrunnlag om berekraftig organisering av kulturarven i Setesdal på plass

I 2025 låg Telemarksforskning sin rapport om berekraftig organisering av kulturarven i Setesdal føre, med tilråding om korleis ein kan organisere arbeidet med kulturarven i dalen, med særleg vekt på den immaterielle arven. Oppfølging av dette kunnskapsgrunnlaget har høg prioritet, og har lagt føringar på arbeidet vårt i 2025, både i strategi- og planarbeid, fagleg fokus og drift.

To gjeve nominasjonar

I 2025 blei AAmA nominert til to gjeve priser. Vi var ein av tre nominerte kandidatar til den nyinnstifta prisen «Årets privatarkiv» som deles ut av Arkivforbundet. Vi nådde ikkje heilt til topps, det var Skeivt Arkiv som fekk prisen for 2025. AAmA blei også nominert til prisen «Årets publikumsutvikler», som deles ut av Norsk publikumsutvikling. Her var det Nasjonalmuseet som vann.

Forsking i fokus

Museenes forskerkonferanse 2025 blei arrangert i den nyoppussa foredragssalen på KUBEN 21.–22. oktober. Arrangementet var eit samarbeid mellom AAmA og Norges Museumsforbund, der AAmA hadde mykje av ansvaret for det faglege innhaldet og var hovudansvarleg for den praktiske gjennomføringa. Helena Wangefelt Ström frå Universitetet i Uppsala var henta inn som hovudinnleder. Tre av innlegga var av tilsette i AAmA. Konferansen hadde 45 deltakarar begge dagar og blei strøymd direkte.

Besøkstal 2025

Fysiske besøk 2023-2025 i tal

	2025	2024	2023
KUBEN	33 007	28 742	23 001
Setesdalsmuseet	32 275	29 497	29 659
Grimstad bys museer	17 313	14 687	12 696
Eydehavn Museet	1187	1289	956
Elvarheim museum	1013	1258	1459
Stands/eksterne arenaer	-	14 432	26 317
Totalt for AAmA	84 795	89 905	94 088

* Stand og eksterne arenaer er for 2025 bakt inn i totaltalet for kvar avdeling.

Grimstad bys museer har besøksrekord for 2025. Det tredje år på rad med rekord, opp 3,5 prosent frå 2024. Det som bidrog til dette var god sommarsesong, mange arrangement, samt samarbeid med andre aktørar. Også Setesdalsmuseet har gode tal og ny rekord i 2025, opp 9,4 prosent frå året før. Besøket på KUBEN har gått ned med 14 prosent samanlikna med 2024. Det er særleg på grunn av ei svakare sommarsesong og at det ikkje var store utstillingsopningar eller jubileum som i rekordåra 2023 og 2024. Dermed har totalt besøkstal for AAmA gått litt ned samanlikna med 2024.(ned 5,7 prosent)



Kystens dag på Sjøfartsmuseet i Aust-Agder – eit av arrangementa som har bidrege til publikumsrekord i Grimstad. Foto: Martin Haugen




Ulike opningstider

I 2025 har Setesdalsmuseet prøvd ut sesongbaserte opningstider, med mål om å vere tilgjengelege for lokalbefolkninga, og kunne tilby meir aktivitet og arrangement både gjennom vinteren og i sommarhalvåret. Gjennom året har Setesdalsmuseet hatt månadsvis arrangement retta mot fleire målgrupper. I lågsesongen har museet hatt ope ved arrangement og på førespurnad, og likevel auka besøkstalet.

I Grimstad er besøksstadene sommaropne. Sommarsesongen utgjør 41 prosent av det totale besøkstalet. I tillegg har avdelinga ei rekke arrangement gjennom heile året, både på egne og andre arenaer. Også dette utgjorde 41 prosent av det totale besøket i 2025.


Grafisk framstilling over utvikling 2016-2025



KUBEN har opent seks dagar i veka hele året, i sommarsesongen alle dagar i veka. Gjennom året er det foredrag, verkstader og faste arrangementsseriar som Kulturkvelder, Senioronsdager og Gøy for barn. I tillegg arrangerast fleire temadagar, som Arkivdagen, Slektsforskningsdagen og Detektordagen, samt boklanseringar, dei tradisjonelle påske- og juleverkstader og ein rekke omvisingar.


Grafisk framstilling over besøk totalt i AAm

Andel barn og unge



25 prosent av våre besøkande er barn og unge under 18 år.

Besøk per årstid



Diagrammet syner besøk på KUBEN, Setesdalsmuseet og Grimstad bys museer fordelt på årstid. 58 prosent av besøket i skjer i juni, juli og august.



Digitale besøk 2025

Den digitale kommunikasjonen skjer gjennom fleire ulike flater. AAma har fire nettstader; aama.no, gbm.no, kubenarendal.no og setesdalsmuseet.no. I tillegg har vi tre bloggar. I 2025 blei det gjort eit arbeid med å oppdatere artiklar på bloggane for å gjere dei meir lesarvenlege og søkbare på nett. KI (Copilot) er tatt i bruk for å synstolke bilete. Det gir blinde og svaksynte moglegheit til å få lest opp meir detaljert skildring av bileta på nettstaden.

Vi publiser også vårt innhald på andre digitale plattformer, som digitaltarkiv.no, digitaltmuseum.no og kulturpunkt.org.

Grimstad bys museer og KUBEN sender nyhendebrev, differensiert på interessene til abonnentane. Totalt sendte vi 110 nyhendebrev i 2025. Dei har god opningsrate. Det er også naudsynt å oppdatere publikum på arrangement og det som skjer via sosiale medium. I tillegg til Facebook og Instagram har KUBEN kanal på YouTube og AAma har ein konto på [LinkedIn](https://www.linkedin.com). KUBEN har òg ein konto på Pinterest, Kuben Photoarchive Arendal. Trass i at det ikkje er publisert nytt innhald sidan 2022, har kontoen 931 følgjarar og 2200 direkteklikk frå basen til Agderbilder.

Produksjon og lyttetotal av podkaster i 2025

Det blei produsert seks nye podkastepisoder i 2025.

- **Polarpionerene:** ein ny episode. Totalt 10 627 avspillingar i 2025
- **Sjøfartspodden:** fem nye episoder. Totalt 12 875 avspillingar i 2025
- **De hvide Seil:** Ingen nye episoder i 2025. Totalt 685 avspillingar i 2025

	Nettstad- besøk/økter	Podcast- lyttingar	Facebook- følgje	Instagram- følgje	Nyheitsbrev- abonnentar
KUBEN	176 000	27 561	6501	2151	1262
Setesdalsmuseet	21 789	-	6500	52	-
Grimstad bys museer	23 077	-	6946	3183	795
AAma	5209	-	313	-	-

KUBENS digitale besøk inkluderer kubenarendal.no, [bloggane avtrykk.no](http://bloggane.avtrykk.no), gjenstand.no og oselia.no, Kulturpunkt og Digitalt museum. Podkastalet inkluderer òg audioguide. AAma har totalt 12 profiler på Facebook og seks profiler på Instagram.

Aktivt samarbeid

Samarbeid skjer på mange ulike vis i AAMA. Vi samarbeider med andre institusjonar, kommunar, frivilligheita og enkeltpersonar. Samarbeid med gode vener utanfor musea er viktig for å utvikle nye tilbod og for å løyse vårt viktige samfunnsoppdrag – som i stort handlar om å bidra til demokrati og ytringsfridom. Vi samarbeider godt på tvers av avdelingane innan AAMA. Vi deler kunnskap med kvarandre, mellom anna gjennom ein felles fagbank. Vi kjenner kvarandre godt, og har felles møtepunkt. Difor er vegen kort, sjølv om den fysiske avstanden kan vere lang.

God start på samarbeidsmodellen om arkiv og museumsstruktur i Agder

Vi har hatt ein god start på samarbeidsmodellen om arkiv og museumsstruktur i Agder mellom oss i Aust-Agder museum og arkiv, Vest-Agder-museet og Arkivsenter Sør. I perioden 2022–2024 blei det gjennomført ein prosess knytt til framtidig museums- og arkivstruktur i Agder. På dette grunnlaget blei det i 2024 utarbeidd ei samarbeidsavtale som blei vedteken av dei tre styra ved utgangen av 2024. Samstundes blei det òg vedteke ei samarbeidsavtale og ein felles handlingsplan som skal følgjast opp på årlege felles styremøte. Det første året i samarbeidet har vi samarbeidd med Vest-Agder-museet om eit felles årskort som skal gi publikum tilgang til alle musea som ligg under VAM og AAMA. Vi har òg hatt viktige prosjektsamarbeid på arkiv, bygningsvern og museum som del av samarbeidsavtalen.



2025 har vore ein god start for samarbeidsmodellen om arkiv- og museumsstruktur i Agder. F.v. Turid Holen, arkivsjef ved Arkivsenter Sør, John Olsen, direktør ved Vest-Agder-museet IKS, og Ellen Aslaksen, direktør ved Aust-Agder museum og arkiv IKS. Foto: Gerd Corrigan/AAMA



Arkivsamarbeid på Agder

På arkivområdet er det etablert eit formalisert samarbeid mellom Aust-Agder museum og arkiv og Arkivsenter Sør IKS, som et ledd i samarbeidsmodellen. Målet er å vidareutvikle, forbetre og fornye arkivtenestene for alle eigarkommunane på Agder. Som ein del av dette arbeidet er det sett i gang eit felles løp for å styrkje innsynsløysingane i avslutta digitale arkivsystem som ligg i arkivdepota.

Vi samarbeider òg om å støtte kommunane i utviklinga av dokumentasjonsplanar. Vidare er det utarbeidd ein felles kursplan for kommunane for 2026, samstundes som det blir arbeidd med å samordne rutinar og opplæring knytt til fagsystem for depotstyring. Samarbeidet omfattar òg mellom anna formidlingsprosjektet Arkivskattar frå Agder, samt eit kommande program for auka fotokompetanse. Vi ser på dette som viktige bidrag til betre tenester, betre ressursutnytting og høgare fagleg kvalitet for eigarkommunane i heile regionen.

Rekruttering til tradisjonshandverksfaget

Setesdal bygningsvernssenter har vidareutvikla samarbeidet med KVS Bygland. Gjennom vårhalvåret hadde byggfagselevar praksis og utplassering på bygningsvernssenteret. På hausten hadde vi eit opplegg med felles fagdagar for byggfaglinjer på vidaregåande skule i Agder. Agder FK, KVS og Setesdal bygningsvernssenter stod for planlegging og store deler av det faglege innhaldet.

Fagskulen i Agder starta i 2025 opp eit nytt studieløp for utdanning innan bygningsvern. Gruppa på 30 elevar var i Setesdal i to dagar for å få opplæring i materialkunnskap og identifisering av materialkvalitet i eldre bygg.

Fram i lyset! – Funksjonshemmedes historie på Agder

Historia til funksjonshemma har lenge vore lite synleg i arkiv- og museumssektoren. Sjølv om deler av historia finnes i samlingar og arkiv, har materialet vore spreidd og aldri tidlegare kartlagt samla. Prosjektet «Fram i lyset!» har hatt som mål å bringe denne historia fram og gi eit breiare bilete av funksjonshemma sine erfaringar i regionen. Arbeidet er forankra i AAma sin strategiplan for 2024–2028, der mangfaldsperspektivet er ei sentral satsing. Prosjektet er også et nasjonalt pilotprosjekt, støtta av Kulturrådet.

Gjennom prosjektet er arkiver og gjenstandssamlingar ved de største kulturarvinstitusjonane i Agder systematisk gjennomgått. Kartlegginga har gitt oversikt over eksisterande materiale, avdekka betydelege hol og synleggjort behovet for vidare dokumentasjon. Funna blei presentert på eit arrangement på KUBEN i anledning FN-dagen for funksjonshemma, 3. desember, der historier frå samlingane blei løfta fram for publikum. Prosjektet har også resultert i ein lettlese rapport. Prosjektet har vore eit bredt samarbeid mellom Aust-Agder museum og arkiv, Vest-Agder-museet, Arkivsenter Sør, Statsarkivet i Kristiansand og Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon Agder. Denne regionale forankringa har styrka både kvaliteten og relevansen i arbeidet. Resultantane gir et viktig grunnlag for vidare innsamling, forskning og formidling, og markerer eit tydeleg skritt mot ein meir inkluderande og representativ kulturarv i Agder.

Forskningsamarbeid

AAma har deltatt i tre forskningsamarbeid som anten blei slutført eller nærma seg avslutning i 2025. Vi har vore med i prosjektet «De gamle jernverkene og de nye bærekraftsmålene», leia av Næs Jernverksmuseum. AAma har levert to artiklar, ein av dei fagfellevurdert. AAma sitt samarbeidsprosjekt med Arkivet freds- og menneskerettighetssenter, «Innvandringsmotstand og antirasisme på Agder fra 1960 til i dag», blei også avslutta i 2025. Prosjektets hovudleveranse var ein konferanse i 2022, med påfølgande antologi året etter, der AAma hadde redaktøransvar og bidrog med to fagfellevurderte artiklar. I same periode har AAma vore med på prosjektet «Nye perspektiver på norsk verftshistorie», leda av Museum Vest med deltakarar frå det nasjonale maritime museumsnettverket. Prosjektet munnar ut i utgivinga av ein fagfellevurdert antologi i 2026, der AAma leverer to av kapitla.

Tilgjengelegheit for blinde og svaksynte i museum

Det eittårige prosjektet «Tilgjengelighet for blinde og svaksynte i museer: økt inkludering og deltakelse» starta opp for fullt i januar 2025, med kurs i synstolking for alle formidlarane i AAma, VAM og Kunstsilo. Saman med Blindeforbundet har vi også gjennomført øvingsdagar i våre eigne museum. Blindeforbundet leverte ein rapport med tilrådingar om tiltak som vil auke tilgjengelegheita hos dei tre utvalde stadene. Ibsen-museet var eitt av dei. Rapporten ble lansert i desember 2025. Prosjektleiinga har vore hos Grimstad bys museer, AAma. Prosjektrapport med rekneskap blei godkjent av Kulturdirektoratet oktober 2025.



Øverst:
Storingsrepresentant Mirell Høyer-Berntsen deltok på lanseringa av rapporten «Fram i lyset! Kilder til funksjonshemmedes historie i Agder» på KUBEN 3. desember, på den internasjonale dagen for personar med nedsett funksjonsevne.
Foto: Gerd Corrigan/AAma

Nederst:
Gjennom 2025 har AAma arbeid for å auke tilgjengelegheita for blinde og svaksynte, med god hjelp frå representantar frå brukargruppa. T.v. Astrid Hopland Svensen, fylkesleiar i Norges Blindeforbund Vest-Agder, og prosjektleiar Therese Strupstad Hagen frå AAma.
Foto: Nina Fidje Blågestad/AAma

Tverrsektorielt samarbeid om levande arv i Setesdal

For å følge opp utgreiinga om berekraftig organisering av kulturarven i Setesdal, er det etablert ulike tverrsektorielle samarbeid, der Setesdalsmuseet har vore eit organisatorisk og fagleg knutepunkt. Setesdalsmuseet fasiliterer og bidrar i Faggruppa for Kulturarvrådet, og ulike andre samarbeidsforum som skal sikre koordinert arbeid med den levende arven. Samarbeid med frivilligheita i Setesdal har gått føre seg på fleire frontar. Utøvarar og tradisjonskunnige har bidratt i utstillingsarbeid og ved arrangement ved Setesdalsmuseet, og nyttar museumsbygget til kurs i bunadssaum kvar veke.

Østnorske tradisjonsbåter

Prosjektet «Østnorske tradisjonsbåter: aktiv samhandling, kunnskapsutvikling, bærekraft og levande kulturarv» hadde oppstart i januar 2025. Dette er eit treårig fellesprosjektet om dei østnorske tradisjonsbåtene der Museene i Akershus ved Oslofjordmuseet har prosjektleiinga. Ei felles samling i februar ble gjennomført. I 2025 ble det lagt mye arbeid ned i to deler av prosjektet; innsamling av arkiv til portalen og vårt bidrag om båtbyggjeri i Grimstad.

Regionalt museumssamarbeid om tradisjonshandverk

Setesdalsmuseet samarbeider med Vest-Agder-museet og Ryfylkemuseet om å etablere læringsarena for NTNU sitt bachelorprogram i tradisjonelt bygghandverk, og å opprette varige samhandlingsstrukturar for tradisjonshandverk. Organisasjonsstrukturen med prosjektgruppe og styringsgruppe er no sett. I Agder har fylkeskommunen opna opp for at studentane kan søkje på stipend til studiet.



Øverst:
Bygging av «kistefjøddi» på Setesdalsmuseet – eit fjell av kister.
Foto: Malin Vidalen Uppstad/AAMA

Nederst:
Bygningsvernsenteret arbeider for auka kompetanse innan tradisjonshandverk og restaurering. Her frå høvelmakarkurs på Setesdalsmuseet.
Foto: Sian O'Hara

Nye utstillinger

Utstillingsproduksjon har ein sentral plass i arbeidet vårt. Gjennom utstillingane skal vi synleggjere og formidle vår unike kulturarv. For å sikre eit mangfaldig tilbod, betre koordinering og ressursstyring har AAMA for første gang utarbeidd ein felles utstillingsplan. Den skal gi ei heilskapleg oversikt over museets samla utstillingsarbeid og gi betre ressursstyring. Utstillingsplanen skal òg styrke samarbeidet mellom avdelingane om produksjon av utstillingar og val av tema. Utstillingsplanen skal også vere eit verktøy som bidrar til at vi oppnår måla i strategiplanen.

De båtreisende

Utstillinga «De båtreisende» blei opna 8. april, på romanifolkets dag. Fotoutstillinga viser unike bilete av fotograf Birger Dannevig som dokumenterte romanifolkets liv som båtreisande langs sørlandskysten på 1950-talet. Bileta, innlemma i Norges dokumentarv i 2024, gir eit sjeldan innblikk i ein livsstil der båten var både heim og transportmiddel. Utstillinga formidlar ein viktig, men ofte oversett del av norsk kystkultur og historie. Romanifolket er anerkjent som nasjonal minoritet, og dei siste båtreisande blei bufaste rundt 1970, noko som gjer desse fotografiene til verdifulle spor etter ein nærast gløymt kultur.





Løyni – gøymestad i Setesdal

Utstillinga «Løyni – gøymestad i Setesdal», blei opna av fylkesordførar Arne Thomassen 2. juni, og fekk ei begeistra mottaking av lokale og tilreisande. Utstillinga viser samspelet mellom den materielle og immaterielle kulturarven i Setesdal, gjennom draktskikk, folkemusikk og -dans. I tillegg til gjenstandar, bygger utstillinga på multimodal digital formidling, og har ein omfattande audioguide, der tekst, lyd, bilete og film spelar saman med gjenstandane i utstillinga. «Løyni» har blitt til i tett samarbeid med tradisjonskunnige innan drakt og tekstil, utøvarmiljø innan folkemusikk og Agder folkemusikkarkiv.

Utandørsutstillinga «De hvide Seil»

For tredje år på rad ble utandørsutstillinga «De hvide Seil» satt opp på Kanalplassen i Arendal. Utstillinga er basert på dei såkalla «Seilskutearkivene fra Aust-Agder 1820-1920» som er ein del av Norges dokumentarv. Utstillinga har vore godt synleg i bybildet, og vi har fått fleire positive tilbakemeldingar.

Game On - ope magasin

Utstillinga «Game On» i ope magasin opna i desember. Spel har alltid vore ein viktig del av mennesket sitt liv – som underhaldning, læring og sosialt samvær. Utstillinga gir eit inntrykk av kva barn og vaksne i Agder har spelt saman i over 250 år. Alt frå brettspel og kort, til tombola og dataspel. Utstillinga består av 326 gjenstandar. Dei fleste vil nok finne fleire spel dei kjenner godt, men også mange ukjende.

Åtte før oss – mai 2026

Arbeidet med ny utstilling i femte etasje på KUBEN blei starta opp i 2025.

Utstillinga «Åtte før oss» opnar i mai 2026. I nasjonale målingar kjem Agder dårleg ut på likestilling. Med dagens situasjon som bakteppe, ønsker vi i denne utstillinga å rette blikket bakover og løfte fram åtte kvinner i Agder. Alle åtte er født på 18- og 1900-talet, og er representert i KUBEN sine samlingar.

Førstereis – 2027

Utstillinga «Førstereis» er det største pågåande utstillingsprosjektet på KUBEN i 2025, og kommande år. Temaet for utstillinga er sjøfart på 1960-tallet, med hovudfokus på korleis det var å reise til sjøs for første gong. Utstillinga har ungdom som hovudmålgruppe, og skal lages i dialog med målgruppa. Prosjektgruppa har i 2025 vidareutvikla konseptet for utstillinga og jobba med utval av arkiv, foto, gjenstandar og design.

Ibsen-utstilling – 2028

I 2025 har vi arbeidd vidare med prosjektet «Revisjon av Ibsen-utstillingen» opp mot Ibsen 2028. Vi har definert tydelege effekt- og resultatmål, tatt fram konsept for revisjonen og valt ut gjenstandar som skal inn i den reviderte utstillinga. Arbeidet held fram i 2026. Arbeidet med utstilling av Ibsens måleri held fram i 2026. I 2025 hadde vi ein gjennomgang av eigne gjenstandar og vurdering om dei kunne stilles ut. Tilbod på klargjering for utstilling blei innhenta for fem av gjenstandane. Ein analyse av moglege utstillingslokale i Grimstad blei gjennomført.

Arkiv og dokumentasjonsforvaltning

Mottak og sikker langtidslagring av bevaringsverdige arkiver er ei av kjerneoppgåvene til AAMA. I 2025 har vi motteke vi totalt 43 aksjesjonar med eit samla omfang på 207,8 hyllemeter. Av dette utgjorde 189,3 hyllemeter kommunale arkiv fordelt på 19 avleveringar, mens 18,5 hyllemeter kom frå privatarkiva fordelt på 34 avleveringar. Til samanlikning med 2024 er det auke i kommunalt materiale, men en markant nedgong i privatarkivtilveksten. Det er fordi dei store pressefotoarkiva blei levert året før. Det største privatarkivet i 2025 var arkivet etter Høgefoss kraftanlegg (Å Energi) på åtte hyllemeter.





Arkivrådgiving og kurs

Arkivavdelinga har prioritert å vere til stades hos eigarkommunane. I løpet av året blei det gjennomført 44 synfaringar knytt til arkivavleveringar og rettleiing om arkivdanning. Det blei også arrangert seks workshops om arkivplanarbeid med eigarkommunane. Saman med Arkivsenter Sør arrangerte vi ein felles fagdag for alle kommunane i Agder, inkludert fylkeskommunen 9. oktober. Konferansen handla mellom anna om den nye arkivlova, bevaringsvurderingar i barnevernet og erfaringar frå tilsyn, og utvikling av arkivfaglege verktøy og praksis.

Digitalisering og tilgjengeleggjering

Digitaliseringsarbeidet har hatt stor aktivitet i 2025. Det ble digitalisert 13 603 sider frå 131 einingar, hovudsakeleg skoleprotokollar frå kommunane Grimstad, Gjerstad, Fjære og Landvik. I tillegg blei 76 skinnbrev frå diplomsamlinga digitalisert. På fotoområdet har Nasjonalbiblioteket digitalisert store mengder pressefoto frå Agderposten og Fædrelandsvennen, samt deler av Fløistadsamlinga. Lokalt blei det digitalisert 619 fotografiar. Totalt blei det overført 121 568 bildefiler til Fotoware for å få lagt på metadata.

Kompetanse og nettverk

Arkivavdelinga har delteke på nasjonale og nordiske fagfora, inkludert KDRS-samlinger, Arkivverkets forvaltningsforum og Nordiske Arkivdager. Det er også gjennomført samarbeid med Arkivsenter Sør og IKT Agder for å styrke kompetansen og utvikle innsynsløysingar.

Digitalt arkivdepot og innsynsløysingar

Arbeidet med digitalt skapte arkiv har hatt høy prioritet i 2025. Arkivavdelinga tok i mot seks elektroniske arkivuttrekk, hovudsakeleg SIARD-uttrekk frå barnevernssystem i Arendal, Grimstad, Froland, Østre Agder barnevern og Setesdal barnevern, samt testuttrekk frå PPT-systemet i Arendal. Desse uttrekka er ressurskrevjande og knytt til innsynsprosjekt. AAMA er medeigar i KDRS (Kommunearkivinstitusjonenes Digitale RessursSenter), og vi bruker tenestene som dei leverer. Det er etablert infrastruktur for overføring til KDRS-depot, og arbeidet med å legge inn arkivpakker vil starte for fullt i 2026. Innsynstenesta «KDRS Søk & Vis» er vidareutvikla og vil bli ei sentral løysning for kommunane i åra som kjem.

Sakshandsaming og innsyn

Etterspurnaden etter dokumentasjon har auka. I 2025 handsama Arkivavdelinga 524 innsynssaker, av dei gjaldt 291 rettigheitsdokumentasjon. Mest etterspurd er skolearkiv, så kjem barnevern og helse.

Utviklings- og utbyggingsprosjekt

Ei viktig, kompleks og kostbar oppgåve for AAMA er å ta vare på hus og bygningsmasse, og samtidig vidareutvikle og skape nye museumsanlegg. I 2025 har vi heldt fram arbeidet med å styrke prosjektstyringa i organisasjonen.

AAMA har ansvar for 88 antikvariske bygg. Vi har tre bygg som er freda, Angelstad skysstasjon i Tvedestrand, skipperhuset Merdøgaard og Rygnestadtunet i Valle. Det er eit stort vedlikehaldsbehov på fleire av bygga, særleg i Setesdal. Samstundes er det mangel på tradisjonshandverkarar. Rekruttering til bygningsvernafaget er ei nasjonal utfordring som også merkast lokalt.



Tveitetunet i Valle har vore gjennom omfattande restaurering og opnar endeleg for publikum i 2026. Garden var heimen til lensmann og eidsvollsmann Olav Knutsson Tveiten.
Foto: Ane Gunhild Uleberg/AAMA

Ny brygge på Merdø opna

Elementer til ny brygge ble støypt i starten av januar, og montert på våren. Brygga ble finansiert med en betydeleg eigenkapital (4 000 000) og bidrag frå Miljødirektoratet (800 000), Sparebanken Sør (500 000), Agder fylkeskommune (750 000) og Arendal kommune (750 000). Den nye brygga ble offisielt opna 21. juni samtidig som vi opna sommarsesongen på Merdø. Det var godt oppmøte på arrangementet. Brygga har blitt flittig brukt gjennom sommaren, og vi har fått fleire tilbakemeldingar på at dette er ein viktig del av infrastrukturen på Merdø for å sikre tilgang for besøkande.

Storstua på KUBEN fornya

Foredragssalen Mollestad på KUBEN blei renoverert vinter og vår 2025. Denne delen av KUBEN var uforandra frå før nybygget stod på plass for ti år sidan. Salen var ikkje funksjonell, med dårleg tilgjengelegheit for menneske med nedsett funksjonsevne og hadde svært dårleg akustikk.

Salen har mange foredrag per år og er den som har størst kapasitet på KUBEN. I all hovudsak blei det utført snikkararbeid og tilpassingar, og det ble lagt teppe på golv og satt inn stoler med tekstil for å betre lyden i rommet. Mollestad er KUBEN si storstue og har nå plass til om lag 90 personar.



Øverst:
Den nye brygga på Merdø blei offisielt opna 21. juni 2025. Leiar for museumsavdelinga, Hilde Tjønneland Jomaas, talar til dei frammøtte i sommarvarmen.
Foto: Elisabeth Altenborg/Agderposten

Nederst:
Foredragssalen på KUBEN har vore gjennom ei større teknisk oppgradering. Salen husa den nasjonale Museumskonferansen 2025. Dei som ikkje var til stades, kunne følgje konferansen via strauming.
Foto: Nina Fidje Blågestad/AAMA

Materiallageret på Setesdal bygningsvernssenter på plass


Ved Setesdal bygningsvernssenter er det reist eit materiallager som skal huse material av egna kvalitet til prosjekter innan bygningsvern. Det er brukt tradisjonelle samanføyingsteknikkar frå bygging av grovt bindingsverk, og dette vart kledd med eigenprodusert kledning. Med ekstern hjelp blei taktekinga ferdig haust 2025.

Ombygging av lokalar på Sjøfartsmuseet

På våren fram til sommarsesongen blei butikken og kafeen på Sjøfartsmuseet bygd om til formidlingsrom og publikumsmottak. Budsjettramma var på 800 000 kroner.

Optimalisering av museumsbygget på Bjugsbakk

Ei viktig oppfølging av utgreiinga frå Telemarksforsking er å optimalisere lokala i hovudkontoret for Setesdalsmuseet på Rysstad. Det er for å kunne drive profesjonell museumsverksemd, gjere oss eigna for samlokalisering, legge til rette for sambruk med frivilligheit og utøvarmiljø og vere som opne og gjestfrie for publikum. I 2025 er det gjennomført rom- og behovsanalyse, med omfattande medverknad frå tilsette og brukarar. Dette dannar grunnlaget for å prosjektere moglege løysningar for utvikling av museumsbygget på Bjugsbakk i 2026.



Aktivitetar og tiltak innan strategiske målområde

Samfunnsaktuell og samtidsorientert

AAma skal være synlig og relevant for det samfunnet vi er en del av, og vise at fortiden er en del av nåtiden.

Kunstens kraft – frå hat til håp

Arendal kommune har i samarbeid med Nordic Safe Citys gjennomført ei kartlegging med fokus på diskriminering, rasisme og hatkriminalitet i digitale medium blant unge. KUBEN, Bomuldsfabriken, Med hjerte for Arendal og Arendal kommune vil gjennom et kunstprosjekt bidra til å forebygge og motvirke hatytringar på nett. Vi skal i samarbeid med ein lokal kunstnar og ungdom lage ein installasjon som er inspirert av resultatane frå kartlegginga og håp for framtida. I 2025 har vi laga prosjektbeskriving og søkt om finansiering, og fått kontakt med ein aktuell kunstnar.





Planlegging av Ibsen sitt 200-års jubileum i 2028

I 2025 blei det arrangert tre møte i regi av den nasjonale koordinatoren for Ibsen 2028, to på Nasjonalbiblioteket og eit i Grimstad. Det lokale samarbeidet mellom Ibsen-aktørane i Grimstad (Ibsen-koordinatoren, biblioteket, Fjæreheia, litteraturfestivalen og turistkontoret) gjennomførte også fleire møte.

Pressefotoprojektet i Agder

Dette er eit pågåande prosjekt og har som mål å bevare og gjere tilgjengelege fotoarkiva til Agderposten og Fædrelandsvennen frå perioden 1972–2002. Dette er et viktig prosjekt for AAMA, og gjennom avtalar med avisene, Nasjonalbiblioteket er det sikra langsiktig bevaring, bruksrett, og digitalisering av foto etter gjeldande standardar innan fotofaget. Totalt er fleire hundre tusen analoge bilete sendt til Nasjonalbiblioteket for digitalisering, og per desember 2025 er 67 000 pressefoto mottatt digitalt. 55 000 bilete er registrert i forvaltningssystemet Fotoware Cloud, og de første 1000 temabileta frå Fædrelandsvennens arkiv er overført til Digitalarkivet for publisering i 2026. Prosjektet har etablert effektive rutinar for metadata og arbeidsflyt, og legger grunnlaget for brei offentleg tilgang til en unik visuell dokumentasjon av Agders historie.

Den kulturelle skolesekken om berekraftig utvikling i regionen

DKS-opplegget «Hvor ble det av skogen?» ble gjennomført i Arendal, Froland og Åmli i 2025. Opplegget har fokus på berekraftig utvikling gjennom regionens historie og byggeskikk. 652 elever var med på opplegget i 2025.

Immateriell kulturarv i Setesdal

Setesdalsmuseet intensivert arbeidet med immateriell kulturarv, både innom folkemusikk- og dans, og tradisjonskunnskap. I 2025 er det arbeidd med handlingsplan for immateriell kulturarv som koordinerer eigne målområde, prosjekt og handlingspunkt med samarbeidspartnarar på tvers av sektor. Planen set retning for korleis dette skal strukturast på sikt, og korleis Setesdalsmuseet skal formidle levande arv og vere ein støttande struktur for utøvarmiljøet.

For å fremje den levande arven til nye generasjonar, har det vore ei stor satsing på digitale formidlingsløysingar. Setesdalsmuseet har hatt ei prosjektstilling retta mot digital formidling av immateriell arv i utstilling og samarbeid med frivilligheit. I 2025 blei det tilsett museumsrådgivar med særkompetanse innom folkemusikk, lydproduksjon og digital formidling. I 2025 har ein satsa på digitale løysingar i utstillingsarbeid, å vidareutvikle den digitale formidlinga i tuna våre, i tillegg til å utvikle den pedagogiske porteføljen. I samarbeid med Setesdalsfolk, har museet vore knutepunkt for årlege aktivitetsdagar for skulane i dei tre øvste setesdalskommunene, der museet bidratt med pedagogisk opplegg innan Lokal læreplan i folkemusikk- og folkedans. Over same leist, har det vore aktivitetsdag på Rygnestadtunet, der Setesdalsmuseet har heldt pedagogisk opplegg innan slått og slåtteeng, med vekt på immateriell kulturarv i form av tradisjonskunnskap.

Kulturpatrulja har formidla den levende arven i heile Setesdal gjennom 30 konsertar. I 2025 blei gruppa utvida med fleire utøvarar for å gi ei meir komplett formidling av dei listeførte elementa, men også for å bidra til å bygge ungt folkemusikkmiljø og for å styrke formidlingserfaringa til unge utøvarar.

Gjestfri og mangfaldig

Alle skal føle seg velkommen til å besøke og bruke oss. Vi skal ha et bredt og inkluderende tilbud. Mangfoldsperspektivet skal være et bærende element i arbeidet vårt.

Hagebruk som felles språk

Prosjektet «Hagebruk som felles språk» fekk i 2025 eittårige prosjektmidlar gjennom Kulturdirektoratets program «Gode museer for bedre lokalsamfunn». Prosjektet hadde oppstart hausten 2025 og varer til oktober 2026. Grimstad bys museer har prosjektleinga. Prosjektet er eit samarbeid mellom Grimstad bys museer/Norsk Hagebruksmuseum og Kvalifiseringstjenesten i Grimstad. Målet er å utvikle ein pedagogisk metodikk med utgangspunkt i hagebruk som næring og i museum, der målgruppa – personar med innvandrar- og flyktningbakgrunn – deltar aktivt i utforminga. Prosjektet skal resultere i eit fleksibelt og inkluderande opplegg som har overføringsverdi til andre museum. I 2025 blei Norsk Hagebruksmuseum etablert som læringsarena med undervisning 1,5 timer i veka. Det har vore 16-23 elever med kvar veke. Norskopplæring har vore ein viktig del av undervisninga i 2025.



Øverst:
Konseptteikning for dataspellet «Drømmeslottet». Ved å kombinere moderne spelteknologi, Ibsens litteratur, kulturarv og medskaping skal vi lage eit underholdande og engasjerande dataspel for ungdom.
Illustrasjon: Mediafarm AS

Nederst:
Hagebruk som felles språk har gått føre seg på Norsk Hagebruksmuseum. Deltakarane kombinerer språkopplæring og matlagning.
Foto: Therese Strupstad Hagen/AAMA



Arkiv i eit mangfaldsperspektiv

AAma forvaltar store mengder verdifulle og samfunnsaktuelle arkiv.

Formidlingsarbeidet vårt i 2025 har særleg hatt fokus på å synleggjere mangfald og underrepresenterte grupper i arkiva. Det vart produsert artiklar, digitale innlegg og oppdaterte nettressursar som bidrog til å gjere fleire typar arkivmateriale tilgjengelege for ulike målgrupper. Arbeidet omfatta òg systematisk synstolking av bilete, noko som styrkte tilgjengelegheita for blinde og svaksynte. I tillegg vart det gjennomført omvisingar, pedagogiske opplegg og arrangement som la til rette for å møte publikum på ein open og inkluderande måte. Samla sett viser aktivitetane ein tydeleg ambisjon om å gjere arkiva på KUBEN meir tilgjengelege og relevante for eit breitt publikum.

Frivilligheit i AAma

Samarbeid med frivillige er viktig for AAma på mange vis. Dei frivillige bidreg med solid og nyttig innsats for heile verksemda. Det er vi glade og takksame for. Mellom anna har Setesdalsmuseet i arbeidet med den levande arven hatt tett samarbeid med frivilligheita. Tradisjonskunnige og utøvarmiljø har vore tett involvert i utstillingsarbeidet når museet formidlar draktskikk, folkemusikk og -dans. Lokalbefolkninga har lest inn museumstekstar på lokal dialekt, spelt inn folkemusikk og bidratt til rett påkleding av lokal drakt. Grimstad bys museer samarbeider med frivilligheita gjennom heile året, særleg i tilknytning til arrangementet på Sjøfartsmuseet og Hagebruksmuseet. På KUBEN har to frivillige pensjonistar skanna gjenstandsarkivet vårt som hittil berre har eksistert fysisk. De digitale versjonane blir lagt inn i Primus og knytt opp mot aktuelle gjenstandar. Vi har òg frivillige som hjelper oss med å transkribere handskrivne protokoller. Protokollane inneheld oversikt over ei fotosamling tilhøyrande museumsavdelinga på KUBEN. Nå blir det mogleg å søke i protokollane og fotosamlinga blir meir tilgjengeleg. Dette er ei oppgåve som blir ferdig i 2026.

Tilbod til demente

I 2025 har KUBEN i samarbeid med Arendal kommune sin demenskoordinator arrangert kurs for fleire av dei tilsette for å best mogleg kunne ta imot demente besøkande. Vi har også hatt dialog med sjukeheim og dagsenter for å sikre ei god tilpassing til denne målgruppa. Vi har tatt imot fleire grupper med demente gjennom året, og fått gode tilbakemeldingar.

Opne dører

Saman med Welcome Hub Agder opna KUBEN dørene for utanlandske nyinnflytta gjennom eit Open Door-arrangement. På KUBEN er også konseptet BabyTirsdag vidareført, med gratis inngong for foreldre med baby. Dette har bidratt til å nå et meir mangfaldig publikum. Vi ser også auka besøk frå personar med fleirkulturell bakgrunn og lavinntektsfamiliar (med årskort). Det er spesielt til dei store opne arrangementa til påske og jul vi tydeleg ser eit meir mangfaldig publikum.

Dataspelet Drømmeslottet tar form i Grimstad

Arbeidet med prosjektet «Ibsen Escape room» har fortsatt i 2025. På våren utlyste Grimstad bys museer ein anbuds konkurranse for forprosjekt. Mediafarm AS vant konkurransen og forprosjektet starta opp i august. Oppdraget i forprosjektet har vore å ta fram eit heilskapleg konsept for dataspelet, svare ut fire definerte utfordringar og legge fram estimat for kostnader og tidsløp for utvikling av ferdig spill i hovedprosjekt. Forprosjektet resulterte i ein forprosjektrapport og trailer for spillet medio desember 2025. Foreløpig arbeidstitel for dataspillet er «Drømmeslottet», med inspirasjon frå Ibsens dikt «Byggeplaner».


Solid kunnskapsutvikling og forvaltning

AAma skal være en synlig og solid kunnskapsinstitusjon ved å drive med forskning, formidling og forvaltning av høy kvalitet.

AAma har i 2025 lagt vekt på å styrke infrastrukturen for forskning i verksemda. Årboka «Aust-Agder-Arv» er for første gang publisert med artiklar som har gjennomgått fagfellevurdering. I regional sammenheng er det gjort konkrete grep for å gjere Forskernettverk Agder og Agderseminaret til ein arena for forskning blant museums- og arkivinstitusjonar på Agder.

Forskernettverk Agder

AAma har i 2025, saman med Vest-Agder-museet, leia arbeidet med å utvikle Forskernettverk Agder som ein arena for forskingssamarbeid mellom museums- og arkivinstitusjonar i regionen. Målet er at nettverket sitt årlege seminar, Agderseminaret, skal fange opp meir av den forskinga som skjer i AAma og andre medlemsinstitusjonar og gi moglegheit for å publisere forskingsresultantane i seminarets fagfellevurderte antologiserie. Agderseminaret 2025 blei difor arrangert med open «call for papers» innretta mot breidda i kulturhistorisk forskning på Agder. Dette resulterte i langt større deltaking frå museums- og arkivinstitusjonar enn tidlegare. Fem av innlegga blei presentert av tilsette i AAma.



Magasinforvaltar Lara Teso undersøker tilstanden til eit måleri av arendalskunstnaren Fred. Terkelsen.
Foto: Gerd Corrigan/AAma



Infrastruktur for forskning

AAma er med i prosjektet «Varig kompetanseløft», som vil utvikle strukturer som kan styrke støttefunksjonane for forskning i musea, integrere forskingsaktiviteten i anna museumspraksis og forsterke samarbeidet med UH-sektoren.

Prosjektet har støtte frå Kulturdirektoratet. Prosjektet er eit samarbeid mellom Norsk Industriarbeidermuseum, Østfoldmuseene, Falstadsenteret, Stiftelsen Norsk Folkemuseum og AAma. AAma er med i to delprosjekt som tar for seg forskingsrettlegg i musea og moglegheiter for forskingsbasert museumspedagogikk. Prosjektet går mellom 2024 og 2027. Tre tilsette frå AAma har bidratt i prosjektet i 2025.

Utvikling av forskingskompetanse

AAma satsar på kompetanseutvikling innom forskning gjennom sitt program for konservator NMF. Programmet skal sikre at tilsette kan bygge kompetanse og forskningserfaring slik at dei at kan søke autorisasjon gjennom NMFs konservatorordning. I 2025 har sju tilsette vore involvert i dette programmet på ulike nivå. I løpet av året har ein av desse gjennomført studiet MUSE621 «Vitenskapleg publisering for museumstilsette» ved Universitetet i Bergen. Marianne Eldorhagen har sidan hausten 2024 arbeidd med et doktorgradsprosjekt i regi av Offentlig sektor PhD. Framdrifta har i 2025 gått som planlagt. Håkon Haugland har fått autorisasjon som førstekonservator NMF.

Kulturlandskapsforvaltning

For Rygnestad i Valle er det innvilga midlar gjennom UKL-ordninga. (Utvalde kulturlandskap i jordbruket). I 2025 blei det gjennomført slåttedag, slått og rydding på Rygnestad for å ivareta kulturlandskapet og solblomen. Dei frammøtte fekk vere med på slått og hesjing. På Tveitetunet blei det gjennomført slått, etter støtte frå statsforvaltaren/ Miljøverndirektoratets ordning innan naturmangfald.

SPECTRUM

SPECTRUM er ein internasjonal standard for samlingsforvaltning. Den er utarbeidd av Collections Trust og The SPECTRUM Community. Kulturdirektoratet tilrår at ein bruker denne standarden, og AAma har dei siste åra arbeidd med å utvikle og implementere dette i samlingsforvaltninga vår. Sidan oppstarten av prosjektet er det lagt ned eit imponerende arbeid i utvikling av policyer med tilhøyrande prosedyrar. Arbeidet med utvikling og implementering av prosedyrar hadde fokus i 2025.

Restaurering Tveitetunet i Valle

I 2025 blei heile taket på våningshuset bygd opp og tekka med torv. Nystog blei jekka opp, og rotne syllstokkar i bakveggen blei erstatta med nye stokkar av same kvalitet. Vindauga var i så dårleg stand at mange av dei måtte rekonstruerast. Delar av dette blei gjort som ei kompetansehevingsopplegg med innleigd instruktør. Bygningsvernsenteret har arbeidd vidare med vindauga, karmar og dører, og vil fortsette med dette vinter 2026. Mellombygget og noko murarbeid står att før tunet kan opnast i juni 2026. Det er gjennomført vedlikehald av alle bygningane på tunet. Det er reinska vekk vegetasjon rundt bygga, og tre og vegetasjon på torvtak er kappa ned.

Kompetanseheving, kurs og kunnskapsformidling innan bygningsvern og tradisjonshandverk

I samband med at vindauga på Tveitetunet og Rygnestad skulle rekonstruerast, har Setesdal bygningsvernsenter arrangert kurs i vindaugsrestaurering, der handverkarar frå regionen har deltatt. Bygningsvernsenteret har heldt kurs for Fagskulen i Agder, vidaregåande skule, for lærarar ved byggfag og ungdomsskuleelevar. I tillegg har det vore open dag, med mellom anna opplæring i sliping, reparasjon av gamle verktøy. Bygningsvernsenteret har også vore deltakande i jernblestring på Hovden, og konstruerte belgen for å blåse luft inn i omnen.

Restaurering Rygnestadtunet

Restaurering av hovudbygget på Rygnestad starta i 2023. I 2025 er det gjennomført strakstiltak på våningshus Rygnestadtunet. Arbeid bestod i å fjerne eksisterande torvtak, og legge ny takduk. Opphavlege vindaug var i ferd med å falle ut, og var så forvitra at dei har blitt kopiert etter gammalt mønster og sett inn igjen. Det er også gjennomført strakstiltak med restaurering av låvebru, som var falt ned, i tillegg til restaurering av tregjerder. Det er også restaurert ein kiosk ved inngangen til Rygnestadtunet. Kiosken skal huse tekniske installasjonar/infrastruktur for tjuveri- og brannsikringssystem for området. Drenering bak våningshus og tomte kiosken står på er også gjennomført.

Restaurering Husmannsplassen Hagen i Bygland

For 2025 blei store deler av dei omsøkte midlane innvilga til prosjektet med restaurering av Husmannsplassen Hagen. Prosjektet har ein storleik og arbeidsomfang som gjer det svært godt egna til å setje ut til eksterne tradisjonshandverkarar. Det blei gjennomført ein anbodsprosess våren 2025, og oppdraget vart tildelt eit lokalt firma på Bygland. Arbeidet starta opp med hogst av vegetasjon og høge trær som har ført til eit fuktig miljø og mye lauv som har hopa seg opp bak bygga. Det blei også drenert bak løe/fjøs haust 2025. Torvtaket har blitt fjerna frå løe/fjøs.

Restaurering av Louis Moe-måleria

Dei to store Louis Moe-måleria «Allegori over sjøfarten», som har hengt i foredragssalen på KUBEN, er konservert og sikra for vidare bruk og formidling. Bileta er reinsa og blindramma er skifta ut, og det er også montert ny ytre ramme. Arbeidet er utført av malerikonservator Emma Vaagland. Måleria er klare for oppheng i starten av 2026.



Husmannsplassen Hagen på Lauvdal i Bygland er ein av dei få stadene der ei husmannsstoge er teken vare på i sitt opphavelige miljø. Foto: Geir Daasvatn

Optimal organisering og sikker drift

AAMA skal være en profesjonell og lærende organisasjon med evne til endring. Vi skal ha solid økonomi, god målstyring og langsiktig planlegging.

KF elektronisk personalhandbok

KF sin elektroniske personalhåndbok gir ein oppdatert, digital og tilpassa oversikt over lovverk, avtaler og interne rutinar, og bidrar til einskapeleg og korrekt personalforvaltning i verksemda. Den er tilgjengeleg for alle tilsette og samlar alle rutinar på ein stad. Handboka blir tatt i bruk vinter 2026 etter omfattande arbeid med å samle og drøfte eigne rutinar i 2025.

Instruks for dagleg leiar

Instruks for daglig leder blei vedtatt av styret 9. oktober 2025. Førmålet med instruksen er å regulere mynde, ansvar og rapporteringsplikt for dagleg leiar, i tråd med selskapsavtalen, styrevedtak og lov om interkommunale selskap. Den skal sikre tydeleg rolleforståing, forsvarleg drift og god samhandling mellom dagleg leiar og styrande organ.



Øverst:
Formidling til barn og unge har eit særskilt fokus i den nye formidlingsplanen som blei vedteken i 2025. Her frå skuleopplegg på Setesdalsmuseet.
Foto: Stina Hovet/AAMA

Nederst:
Styret i AAMA i arbeid på Eydehavnmuseet 9. oktober.
Foto: Nina Fidje Blågestad/AAMA



Instruks for styret

Instruks for styret blei vedtatt av representantskapet 15. desember 2025.

Den regulerer styrets arbeid, ansvarstilhøve og samspel mellom dagleg leiar og eigarane. Instruksen skal sikre forsvarleg forvaltning, god verksemdsstyring og god eigaroppfølging i høve til lov om interkommunale selskap og selskapets selskapsavtale.

Økonomireglement

Økonomireglementet blei vedtatt av styret 9. oktober 2025. Lov om interkommunale selskaper bestemmer kva det interkommunale selskapet pliktar å vedta innan økonomiforvaltning. I praksis betyr det at AAma må ha reglar for økonomiforvaltning, eit økonomireglement. Føremålet er at reglementet skal sikre effektiv og forsvarleg økonomistyring og grunnlag for avgjerder.

Leiaravtaler

Leiaravtaler for alle avdelingsledere ble ferdigstilt i 2025. Avtalen regulerer mynde, ansvar og rapporteringsplikt for avdelingslederne. Dei skal sikre at leiarane opptrer i tråd med god forvaltningsskikk, etiske retningsliner og verksemda sine verdier. Alle fullmakter til avdelingsleiarane er delegert frå dagleg leiar.

Ny maskinist til Bjoren

Bjoren har fått ein til godkjent maskinist med på laget i løpet av sesongen. I 2025 er det starta opp eit forprosjekt for å førebu vedlikehald av kjelerøyr i båten. Dette er ein komplisert operasjon, som krev god planlegging og førearbeid, og er heilt nødvendig for å sikre vidare drift.

Giftige gjenstandar på Langsæ gård

I 2025 blei fleire av dei naturhistoriske gjenstandane på Langsæ gård destruert.

Mange av gjenstandane som var så øydelagt at dei ikkje kunne bevarast, inneheldt også uforsvarlege mengder med giftige kjemikaliar. Fleire gjenstandar har også blitt overført til magasin på KUBEN der dei kan oppbevarast under gode forhold.

Fellesmagasinet på Evje

Det er observert en del insekt som kjem inn i mottaksrommet i fellesmagasinet på Evje. Det er ikkje skadelege insekt, men ein må ta stilling til om huseigar bør tette tydelege gliper mellom golv og vegg.

Planarbeid

AAma har i løpet av 2025 utarbeidd og vedtatt fleire planar, instruksar og reglement. Dette er eit ledd i å styrke administrative og faglege prosessar. Dette kom på plass i 2025:

Verdibergingsplaner

I 2025 starta arbeidet med å lage oppdaterte verdibergingsplanar for AAma sine bygg, anlegg, samlingar og arkiv. Ein verdibergingsplan er eit dokument som på en konkret og detaljert måte beskriver korleis våre kulturhistoriske verdier skal sikrast og bergast i tilfelle ein naudsituasjon, som for eksempel brann, flaum eller andre uventa hendingar. I den første runden blei det laga verdibergingsplanar for Rygnestad museum i Valle, Ibsen-museet i Grimstad og Langsæ gård i Arendal. Tiltaket er finansiert gjennom Kulturdirektoratets sikringsmidlar.

Formidlingsplan 2025-2028

Førmålet med planen er å sikre ein målretta og heilskapeleg tilnærming til AAmas sitt arbeid med formidling. Planen skal sikre at formidlinga er forankra i våre strategiske mål og at vi oppfyller vårt samfunnsoppdrag om å bevare, opplyse og engasjere. I planperioden har AAmas eit særskilt fokus på barn og unge samt underrepresenterte grupper i samfunnet, som språklege minoritetar og menneske med funksjonsnedsettingar.

Utstillingsplan 2026-2030

Utstillingsplanen gir eit heilskapeleg oversyn over museet sitt samla utstillingsarbeid. Dette skal legge til rette for betre ressursstyring og styrke samarbeidet mellom avdelingane knytt til produksjon av utstillinga og val av tema. Utstillingsplanen skal også vere eit verktøy som bidrar til at vi oppnår måla i strategiplanen. Planen blei utarbeidd og vedtatt i 2025.

Verksemdsplan for 2026

Verksemdsplanen er ein operativ plan som gir prioriteringar for arbeidet i inneverande år. Den bygger på Strategiplan for AAmas 2024-2028, fagplaner for dei ulike arbeidsområda, søknad til Kultur- og likestillingsdepartementet med tilhørende tildelingsbrev. Verksemdsplanlegging er ein integrert del av budsjettarbeidet, som gir grunnlag for økonomiske rammer for aktivitetane.

Beredskapsplan

Beredskapsplan, med tilhøyrande dokument, er eit planverk for handtering av uønska hendingar knytt til bygg, anlegg, samlingar eller tilsette/besøkande. Det er eit operativt planverk, som gir føreseielegheit ved behov for krisehandtering. Arbeidet starta i 2024 og blei ferdigstilt i 2025.



Nye maskinistar syter for at det framleis stig damp frå skorsteinen på D/S Bjoren.
Foto: Therese Mølø Larsen/
AAma

Oversyn over arrangement, inntak, publikasjoner, nettverk, medlemskap og prosjektmidler

Gjennom året har Aust-Agder museum og arkiv arrangert ei lang rekke møte med publikum, frå nord til sør og for både unge og eldre. Vi har vore synlege gjennom artiklar i bøker, fagtidsskrift og media, og gjennom føredrag og presentasjonar.

Vi forvaltar 16 kulturhistoriske bygningar, 13 946 kulturhistoriske gjenstandar, 340 arkeologiske gjenstandar og ei fotosamling på over ein million bilete. I tillegg har vi 221 levande plantar i samlinga vår.

I 2025 tok vi imot over 200 nye gjenstandar og ei rekke nye arkiv for trygg og langsiktig ivaretaking hos oss.





Arrangementer i AAMA i 2025

Dato	Arrangement	Sted
11.1	Maskeverkstad – familiearrangement	Setesdalsmuseet
12.1	Kulturkveld: Amundsens pass	KUBEN
13.1	Aust - Agder museums- og arkivlags årsmøte og foredrag	KUBEN
15.1	SeniorOnsdag: Agder-skip i Kvitsjøfart	KUBEN
26.1	Gøy for barn: Trykkeverksted med handlenett	KUBEN
29.1	Kulturkveld: Kolonimakten	KUBEN
5.2	SeniorOnsdag: Kvinnene på Merdø	KUBEN
15.2	Valen-Sendstad: Herodes - politiker, byggherre og gartner	Hagebruksmuseet
15.2	Ryddesalg i museumsbutikken	Sjøfartsmuseet
18.2	Vinterferieverksted: Collage (18.-23.02)	KUBEN
19.2	Vinterferieverksted: Meiseboller	Setesdalsmuseet
19.2	SeniorOnsdag: En kulturhistorisk kunstsamling	KUBEN
25.2	Knut Hamsun under krigen v/Anita Estensen	Hamsun-museet
26.2	Metalldetektordagen	KUBEN
5.3	SeniorOnsdag: Museets skjulte skatter	KUBEN
13.3	Aust - Agder museums- og arkivlags foredrag	KUBEN
19.3	Oddbjørn Johannessen leser Hamsuns forsvarstale	Hamsun-museet
20.3	Foredrag om kunstsamlinga etter Olav Bjørgum	Setesdalsmuseet
20.3	Keld Hyldig om Ibsen-tradisjonen i norsk teater	Ibsen-museet
23.3	Åpen omvisning i utstillingen Slavegjort	KUBEN
26.3	Kulturkveld: Slaveskipet som endret vårt verdensbilde	KUBEN
30.3	Podekurs med Joar Ravndal og Julie Sele	Hagebruksmuseet
2.4	SeniorOnsdag: Innblikk i pressfotoarkivene	KUBEN
6.4	Påskearrangementet	KUBEN
7.4	Naturlos: Historisk vandring på Dømmesmoen	Hagebruksmuseet
8.4	Åpning av utstillingen De båtreisende	KUBEN
9.4	Naturlos: Historisk vandring på Dømmesmoen	Hagebruksmuseet
15.4	Påskeverkstad: Påskekransar	Setesdalsmuseet
23.4	SeniorOnsdag: Avtrykk fra de syv hav	KUBEN
28.4	Foredrag med Dag Wirak om Egra	Hagebruksmuseet
30.4	Kamilla Aslaksen om boksamlingen i dikterstuen	Hamsun-museet
30.4	Kulturkveld: En Vestindia - farer	KUBEN
7.5	SeniorOnsdag: Livet bak de lappende seil	KUBEN
10.5	Veteranbilvårslipp	Hagebruksmuseet

Dato	Arrangement	Sted
13.5	Åpning av Barnekunstutstilling (13.-15.05)	Sjøfartsmuseet
21.5	Slektsforskerkveld- arkivdagen	KUBEN
25.5	Gøy for barn: Åpent tun	KUBEN
27.5	Folkemøte - Kulturplan /Arendal kommune	KUBEN
28.5	Kulturkveld: Frigjøringshistorier	KUBEN
1.6	Open tur med Bjoren (48 turer mellom 1.6-24.8)	Bjoren
1.6	Vårmarked	Hagebruksmuseet
2.6	Utstillingsopning Løyni – gøymestad i Setesdal	Setesdalsmuseet
8.6	Kystens dag	Sjøfartsmuseet
15.6	Opplesning av forordet til 2. utgaven av Catilina	Ibsen-museet
21.6	Åpning av Merdøgaard med barneverksted og øyvandring	Merdøgaard
22.6	Åpen omvisning på Merdøgaard (3 ganger daglig fra 22.06-10.08)	Merdøgaard
23.6	Åpen omvisning i utstillingen Krakket (hver dag i 23.06-10.08)	KUBEN
23.6	Åpen omvisning i husene på tunet (hver dag 23.06-10.08)	KUBEN
1.7	Sommerverksted: Figurer til skyggeteater (hver dag 1.07-31.07)	KUBEN
7.7	Konsertar med Kulturpatrolja (30 konsertar mellom 7.07-23.07)	Setesdalsmuseet
2.7	Rosens dag med Agder roseforum	Hagebruksmuseet
12.7	Slåttedag på Rygnestadtunet	Rygnestadtunet
12.8	Arendalsuka: Hvorfor privatarkiv i museene?	KUBEN
12.8	Arendalsuka: Krak! Hvordan forstå og lære av bankkriser i norsk historie	KUBEN
12.8	Arendalsuka: Vi trenger vaktbikkjer også innen arkiv, bibliotek og museum	KUBEN
14.8	Arendalsuka: Foredrag i regi av en ekstern aktør (2 foredrag)	KUBEN
24.8	Gøy for barn: Møt flintsmiden Morten Kuchera	KUBEN
27.8	Kulturkveld: Hvorfor spiser vi som vi gjør her i Norge?	KUBEN
7.9	Gøy for barn: Boklansering med familieforestilling	KUBEN
7.9	Soppens dag og høstmarked	Hagebruksmuseet
10.9	SeniorOnsdag: Agders første kvinne - Magnhild Hagelia	KUBEN
11.9	Aust - Agder museums- og arkivlags foredrag	KUBEN
16.9	Sundbye og Haaland i samtale om Ibsens kvinner i litteraturen	Ibsen-museet
18.9	Open door på KUBEN & Welcome Hub	KUBEN
23.9	Roar Løken: De dansk-norske tropekoloniene - slaveri og kolonihandel	Sjøfartsmuseet

Dato	Arrangement	Sted
23.9	Eirik Vassenden, UiB: Foredrag om Sult	Hamsun-museet
24.9	Kulturkveld: Kvinnene på Merdø	KUBEN
27.9	Høstferieverksted: Ugleuro og fuglerommet (27.09-3.10)	KUBEN
29.9	Høstferiemoro (29.9-3.10)	Sjøfartsmuseet
1.10	Lansering av Aust - Agder Arv	KUBEN
1.10	Haustferieverkstad: Familiearrangement	Setesdalsmuseet
6.10	Årsmøte og foredrag i Fageselskapet	KUBEN
8.10	SeniorOnsdag: Gjenstandsfortellinger	KUBEN
9.10	Opplesning av Sult fra perm til perm	Hamsun-museet
9.10	Aust - Agder museums- og arkivlags foredrag	KUBEN
12.10	Maritim fortellestund for de minste med Ribsenfestivalen	Sjøfartsmuseet
15.10	Foredrag om tekstilmåleria på Rygnestadloftet	Setesdalsmuseet
16.10	Middagsopplevelse i Osellas ånd med Sam Eyde vgs	KUBEN
18.10	Open dag: Reparasjon av gamle verktøy og spikking for barn	Bygningsvernseteret
22.10	Øyvind Kopperdal Rislå om Lofthus og sjøfarten	Sjøfartsmuseet
22.10	SeniorOnsdag: Frk. Sviggums FN - karriere	KUBEN
23.10	Boklansering - Polarpionerer fra Sørlandet	KUBEN
26.10	Gøy for barn: Nålefilting av dyrepins	KUBEN
29.10	Kulturkveld: Arendals historie med ulike briller	KUBEN
29.10	Skulpturvandring på biblioteket og miniforedrag om Ibsen i Grimstad	Ibsen-museet
5.11	Gjertrud Sæter om Norsk farmasihistorisk museum	Ibsen-museet
6.11	Aust - Agder museums- og arkivlags foredrag	KUBEN
8.11	Verdspremiere: Den levande arven	Setesdalsmuseet
12.11	SeniorOnsdag: Ryggjabit - et eldre navn på Lindesnes?	KUBEN
15.11	Designernes julemarked (15.-16.11)	KUBEN
19.11	SeniorOnsdag: Barnevandring på Agder	KUBEN
19.11	Vigdis Alte: Jul til sjøs (2 foredrag)	Sjøfartsmuseet
22.11	Filmvisning Sult (1966)	Hamsun-museet
26.11	Kulturkveld: Vær beredt! Hvordan har speidere formet norsk friluftsliv	KUBEN
28.11	Advent på museet: Juleverkstad og fakkeltog	Setesdalsmuseet
30.11	Julearrangementet på KUBEN	KUBEN
3.12	SeniorOnsdag: Julens tradisjoner	KUBEN
3.12	Lansering av rapporten Fram i lyset	KUBEN



Oversikt gjenstandar tatt inn i våre samlingar i 2025

KUBEN
Julekalendere (2)
Gulvklokke
Projektor med tilhørende plater
Sofagruppe
Gobeliner (2)
Landskapsmaleri av Anna Gjerløw
Dukkehus
Leketraktor
Møbler til Barbiehus
Dukkeklær til Barbiedukker
Barbiedukker
Brettspill (2)
Miniatyrteater
Krukke til brød
Stol etter skipperen Ole Albrethson
Gjenstander fra Bratvaag-ekspedisjonen 1930
Frakk
Dukkemøbler
Portrettmalerier av sogneprest Gjert Faye og hustru Anna Cathrine Faye
Plastposer (5)
Serveringsbrett
Munkepanne
Dyp barnetallerken
Skjærebrett
Veggpynt med fadervår
Spisestuegruppe fra serveringsstedet Kaffistova i Arendal
Speiderutstyr
Telefoner (2)
Barnelosjefane for IOGT
Skytterlagfane Terje Viken

Setedalsmuseet
Rund trebolle. (faksebolle)
Kvite bunadskjorter (6)

Grimstad bys museer
Grimstad-kalenderen 1951-2022 (komplette årganger) (72)
Gjenstandar etter direktør Kristen Helmer (2)
Gjenstandar etter Frelsesarmeen i Grimstad (32)
Eske med klisjeer fra FUHR A/S (anslag: 24 stk)
Sylvskje med motiv av Terje Vigen-bautaen
Bok: Henrik Ibsens «Digte»
Tekning av Knut Hamsuns dødsmaske laget av Tore Hamsun
Bøker: 1. utgåve av Ibsens samlede verk på tysk (1907) (5)
Gjenstandar og eit privatarkiv (personarkiv) knytt til Grimstad bys historie (4)

Registrering av gjenstandar

	Totalantal gjenstandar i samling	Registrert i Primus el. annet	Digitalt Museum	Inntak 2025	Registrert i Primus 2025	Digitalt museum 2025
KUBEN	50 000	42 120	6299	110	114	236
Setesdalsmuseet	34 450	20 524	7642	7	29	25
Grimstad bys museer	6015	4116	-	145	18	-



Mottatte arkiv til langtidsbevaring på KUBEN 2025

(Forkortelser: PA=privatarkiv, DA=deponert privatarkiv, hm=hyllemeter)

Privatarkiv/fotosamlinger:
DA-1008 Idrettsforeningen Trauma: 0.4 hm
PA-1420 Olsen, Nils: 0.1 hm
PA-1606 Tromøy historielag: 0.4 hm
PA-2347 Lillesand idrettslag: 0.6 hm
PA-3103 Janna Sørensen: 0.2 hm
PA-3139 Fædrelandsvennen: 0.2 hm
PA-3209 Høvåg bygdekvinnelag: 0.3 hm
PA-3210 Tangen Gård, barnehage: 0.01 hm
PA-3213 Sheldon Gleve, Charles: 0.02 hm
PA-3215 Hammer, Kai: 0.02 hm
PA-3217 Venneforeningen for Ibsenhuset: 0.2 hm
PA-3218 Legat til kirkelige formål på Hisøy: 0.1 hm
PA-3219 Hansen Oveland, Torbjørn: 0.3 hm
PA-3220 Musikkens dag og Sangens dag: 0.02 hm
PA-3222 Lodden, Ebba: 2 hm
PA-3225 Bjellaanes, Halvor: 0.03 hm
PA-3228 Elling N. Marcussen Klesklypefabrikk: 0.3 hm
PA-3229 Samling av rasjoneringskort fra krigen: 0.1 hm
PA-3234 Å Energi: 8 hm
PA-3237 Fredheim Bedehus: 0.5 hm
PA-3238 Samuelsen, Ole: 0.1 hm
PA-3239 Trålum Båtbyggeri: 0.01 hm
PA-3240 Lysglimt, I.O.G.T. Barneloge: 0.1 hm
PA-3243 Åmli 1. Speidertropp: 0.05 hm
PA-3244 Fjeldstad, Hans Christian: 0.02 hm
PA-3245 Frivoll normisjon: 0.05 hm
PA-3246 Israels venner i Grimstad: 0.1 hm
PA-3247 Frøysnes, Torbjørn: 0.1 hm
PA-2407 LillesandFlaksvandbanen: 0.3 hm
PA2056 Grimstad gartneri: 2 hm
PA-3248 Taraldsen, Turid: 0.1 hm
PA-3249 Flademoen Kretslokale: 0.3 hm
PA-3250 HIFO Agder: 0.16 hm
PA-3251 Kiwanis Club Arendal: 1 hm
PA-3252 Eliassen, Knut Olav: 0.09 hm

Kommunale arkiv:
Åmli kommune: 12 hm
Arendal kommune: 46 hm
Birkenes kommune: 8.9 hm
Froland kommune: 25 hm
Gjerstad kommune: 13.3 hm
Grimstad kommune: 39.4 hm
Iveland kommune: 13.9 hm
Risør kommune: 13.8 hm
Setesdal interkommunale politiske råd: 17 hm

Publikasjoner

Fagfelleurdert

Håkon Haugland og Kristoffer Vadum: «Jernverkets havn – Næs jernverk og Tvedestrand i første halvdel av 1800-tallet». *Heimen*, 62(2), s. 172–188

<https://doi.org/10.18261/heimen.62.2.6>

Ingvild Velure: «Tilfellet Fredensborg – en havarisak med forviklinger».

Aust-Agder-Arv 2024/25, s. 12–43.

Bøker

Yngve Schulstad Kristensen: *Polarpionerer fra Sørlandet*. Pagina forlag 2025.

Kristoffer Vadum (red.): *Aust-Agder-Arv 2024/25*. Årbok for Aust-Agder museum og arkiv.

Artiklar i årbøker og tidsskrifter

Maria Björkroth: «Verdens lengste bukser – klesplagg og nasjonalsymbol fra Setesdal». *Aust-Agder-Arv 2024/25*, s. 76–97.

Hannele Fors: «Agderpostens fotoarkiv – unike øyeblikksbilder fra Agder i nyere tid». *Aust-Agder-Arv 2024/25*, s. 122–135.

Håkon Haugland. «Borøy skole i tre hundreår». *Dengang – på våre kanter*. Årbok 2025, 45. årgang, s. 93-109. Basert på et foredrag holdt på forespørsel fra Borøy Vel.

Håkon Haugland: «Den lille havnen og havet. Lyngør i et femhundreårsperspektiv». 19 sider. I Ole Brodersen: *Se for deg et sted*. Lyngør: Aye Aye forlag 2025.

Håkon Haugland og Kristoffer Vadum: «Tollprotokoller fra Risør som kilde til skipstrafikken i tvedestrandsdistriktet». *Aust-Agder-Arv 2024/25*, s. 136–157.

Kristoffer Vadum og Fridtjof Mehlum: «Arendals museums første kjente gjenstandskonservator. Jegeren og preparanten Peder Hansen fra Næs Verk». *Aust-Agder-Arv 2024/25*, s. 58–74.

Kristoffer Vadum og Kyrre Thorsnes: «Et bibliotekperspektiv på Arendals Skoles offentlige Bibliothek og Museum». *Aust-Agder-Arv 2024/25*, s. 98–113.



Øverst til venstre:
Fem plastposar er blant
inntaka til museets
samlinger i 2025.
Foto: Gerd Corrigan/AAMA

Øverst til høyre: Boka
«Polarpionerer fra Sørlandet»
inneholdt 20 spennende
historier som viser korleis
menneske og skip frå
landsdelen har sett djupe
spor i både norsk og
internasjonal polarhistorie.
På biletet: Emanuel
Tønnesen frå Arendal framfor
polarskuta Maud i 1919.
Foto: Nasjonalbiblioteket

Nederst:
Prosjektmedarbeidar
Martin Hilstad fortel om
pressefotoprojektet.
Foto: Nina Fidje Blågestad/
AAMA

Til fagfelleevaluering eller publisering

Håkon Haugland: «Seilskipsbygging, teknologibruk og teknologisk endring i Risør-distriktet». *Nye perspektiver på norsk verftshistorie*. Fagfellevurdert 2025.

Monika K. Håland: «Fra symbolske markører til verktøy for reell endring? – En drøfting av antirasistiske soner fra 1980-tallet og frem til i dag». Artikkel til fagfelleevaluering ved Norsk sosiologisk tidsskrift.

Jakob H. Tønnessen: «Arbeidermiljøet ved Hasseldalens Jernskipsbyggeri». *Nye perspektiver på norsk verftshistorie*. Fagfellevurdert 2025.

Kristoffer Vadum: «Andreas Fayes gaver til Arendals Skoles offentlige Bibliothek og Museum 1832–1869». *Andreas Faye-selskapet*, Årbok nr. 3, 2025/26.

Faglege nettverk

- Det nasjonale sjøfartsnettverket
- Det nasjonale litteraturnettverket
- Det nasjonale samtidsnettverket
- Det nasjonale byggnettverket
- Det nasjonale bergverksnettverket
- Det nasjonale drakt- og tekstilnettverket
- Det nasjonale KAI-nettverket (Kommunearkivarkiv-institusjon fork. KAI)
- Det nasjonale KAI-leder-nettverket
- Det nasjonale privatarkivnettverket
- Det nasjonale Ibsen-nettverket «Ibsen 2028»
- Forskernettverk Agder, deriblant Rådet for Forskernettverk Agder
- Norsk Folkedraktforum
- Visit Sørlandet Utvikling – bedriftsnettverk for reise-, kultur- og opplevingsbedrifter i Agder og Telemark
- Ulike lokale lag og foreninger – som styremedlem eller samarbeidspartner





Medlemskap

- Norges Museumsforbund – interesseorganisasjon for museer i Norge
- International Council of Museums (ICOM) – den internasjonale interesseorganisasjonen for museum
- Arkivforbundet – interesseorganisasjon for lokale og regionale arkivinstitusjonar i Norge
- International Council of Archives (ICA) – den internasjonale interesseorganisasjonen for arkiv
- Norsk Publikumsutvikling (NPU) (utmeldt fra 1.1.2026)
- Arendal Næringsforening
- Grimstad Næringsforening
- Virkes nettverk for museumsdirektører, reiseliv og administrasjon- og økonomiansvarlege i museene
- Visit Sørlandet Utvikling
- Visit Setesdal
- Medeigarskap: Kommunearkivinstitusjonenes Digitale RessursSenter SA (KDRS)

Prosjektmidlar i samarbeid med Vest-Agder-museet

Også i 2025 blei det delt ut 300 000 kroner til prosjekter som var initiert av lag og foreiningar i Agder. Dette er et samarbeid AAma har med VAM der begge institusjonane bidrar med 150 000 kroner kvar. Dei som fekk midlar i 2025 var:

Mottakarar	Beløp
Bommen Elvemuseum	18 000
Vennesla historielag, Øvrebø historielag, Hægeland sogelag, Bommens Venner	10 000
Morten Henriksen Stiftelsen	25 000
Hægebostad bygdemuseum	35 000
Vennesla historielag	20 000
Flosta historielag	18 500
Stiftelsen Det gamle posthuset	7500
Stiftelsen Ellinor Hamsuns Legat for Nørholms Bevaring	10 000
RS Experience AS	15 000
Birkenes Bygdemuseum	40 000
Lillesand by- og sjøfartsmuseum	28 000
Lister Forsvarshistoriske Forening	10 000
Vegårshei bygdetun	20 000
K.K. Lien museum	18 000
Listeskøyta kystkultursenter	10 000
Spind historielag	15 000
Totalt	300 000

Styreleiaren har ordet

Tilsette og administrativ leining vil alltid vere nøkkelen til kvalitativ og kvantitativ god drift av verksemder, enten dei er offentlege eller privat eigde.

Styret for Aust-Agder museum og arkiv IKS (AAMA) meiner årsmeldinga her for året 2025 dokumenterer stor aktivitet så vel med omsyn til volum, faglegheit og breidde.

Ei tydeleg og ambisiøs leining saman med sterkt engasjerte tilsette står bak dette.

Styret merkar seg vidare at AAMA jamleg får gjennomslag for prosjektsøknadar til nasjonale og regionale organ slik at verksemda kan forsterke sitt arbeid gjennom ressursar ut over dei rammene som staten, fylkeskommunen og kommunane har stilt til rådighet.


Publikumsframmøtet har vore solid også i 2025, og både Grimstad-avdelinga og Setesdal har sett rekord i tal på publikummarar. Jubileumsaktiviteten i Arendal knyttet til 300-årsjubileet gjorde at besøkstala på KUBEN var noko større enn i 2023 og 2024, men også her er tala gode.

Talet på digitale besøk aukar jamleg, og AAMA har sterkt fokus på å gjere sitt materiale digitalt tilgjengeleg. Pressefotoarkiva til Agderposten og Fædrelandsvennen er overførte til AAMA, og det blir arbeidd intenst med å gjere desse digitalt tilgjengelege. AAMA mottok 1,5 millioner kroner i ekstern støtte til prosjektet i 2025. Av det har Nasjonalarkivet gitt prosjektstøtte på ein million kroner og Agder fylkeskommune 500.000 kroner.

AAMA har i 2025 vore nominert til to nasjonale priser, «Årets privatarkiv» og «Årets publikumsutvikler». Dette fortel noko om kvaliteten på verksemda sitt arbeid.

Som i 2024 har styra i Vest-Agder-museet, Arkivsenter Sør samt AAMA hatt felles styremøte som ledd i oppfølging av samarbeidsmodellen eigarane blei einige om.

Økonomisk er verksemda i 2025 gjennomført innan dei rammene som har vore stilt til rådighet. Dei bakenforliggende tala frå rekneskapen tilseier at AAMA går inn i 2026 med alle føresetnader for å gjennomføre dette året på dei økonomiske premiss som eigarane og staten har fastlagt.



Harald Danielsen, styreleiar

Styrets melding

Aust-Agder museum og arkiv – eigarar

Eigarar av Aust-Agder museum og arkiv var i 2025 Agder fylkeskommune og kommunane i tidlegare Aust-Agder fylke. Eigarandel og deltakeransvar er fordelt slik:

Eigar	betaler for	eigarandel
Agder fylkeskommune	museum og arkiv	47 %
Arendal kommune	museum og arkiv	16 %
Birkenes kommune	arkiv	1 %
Bygland kommune	museum og arkiv	2 %
Bykle kommune	museum og arkiv	2 %
Evje og Hornes kommune	museum og arkiv	5 %
Froland kommune	arkiv	1 %
Gjerstad kommune	arkiv	1 %
Grimstad kommune	museum og arkiv	10 %
Iveland kommune	museum og arkiv	2 %
Lillesand kommune	arkiv	2 %
Risør kommune	arkiv	2 %
Tvedestrand kommune	arkiv	2 %
Valle kommune	museum og arkiv	5 %
Vegårshei kommune	arkiv	1 %
Åmli kommune	museum og arkiv	1 %



Ama skal vere ein døroppar til fortid, samtid og framtid og eit leiande fagmiljø for arkiv og museum. Tilsette riggar ned utstilling i «Åpent magasin». Rommet blir nytta til temporære utstillingar og til å vise breidda i samlinga vår. Foto: Gerd Corrigan/Ama

Representantskap og styre

Representantskapet er Aust-Agder museum og arkiv si øvste myndigheit, med eitt medlem frå kvar deltakarkommune og eitt medlem frå Agder fylkeskommune.

Arne Thomassen er vald som leiar for representantskapet. Det vart halde to representantskapsmøte i 2025, begge som fysiske møte.

Representantskap

Thomassen, Arne	Agder fylkeskommune
Nordli, Robert Cornels	Arendal kommune
Slågedal, Inger E. B.	Birkenes kommune
Eikerapen, Anne	Bygland kommune
Hjemdal, Anne Merethe	Bykle kommune
Rørvik, Finn Bjørn	Evje og Hornnes kommune
Håland, Inger Lene	Froland kommune
Skaaland, Halvard	Gjerstad kommune
Skretting, Beate	Grimstad kommune
Eliassen, Stine Therese	Iveland kommune
Olsen, Leiv Per	Lillesand kommune
Strat, Kai Magne	Risør kommune
Landås, Marianne	Tvedestrand kommune
Myrum, Lars Tarald	Valle kommune
Torp, Kjetil	Vegårshei kommune
Tangen, Hans Fredrik	Åmli kommune



På styremøtet i 9. oktober møtte f.v Kathrin Pabst, Kim Pedersen, Hans Antonsen, Anne Klippenvåg Pettersen, Per Harald Bai Stabell, Margit Dale, Harald Danielsen og Guri Idsø Viken. Foto: Nina Fidje Blågestad/AAMA

Styret

Det har vore seks styremøte i løpet av året. Det siste styremøtet i 2024 blei gjennomført som eit felles styremøte for Aust-Agder museum og arkiv IKS, Vest-Agder-museet IKS og Arkivsenter Sør.

Styret består av leiar, nestleiar og seks medlem. Desse er:

- Harald Danielsen (styreleiar)
- Elen Regine Lauvhjell (nestleiar)
- Kathrin Pabst
- Kim Pedersen
- Hans Antonsen
- Margit Dale
- Per Harald Bai Stabell (tilsettes valte representant)
- Anne Klippenvåg Pettersen (tilsettes valte representant)
- Guri Idsø Viken (vara)




Organisasjon

Aust-Agder museum og arkiv er leia av direktør Ellen Aslaksen.

Pr 31.12.25 består organisasjonen av fem avdelingar med desse i leiargruppa:

- Trude Jakobsen, avdelingsleiar administrasjon og fellestjenester
- Hilde Jomaas, avdelingsleiar museumsavdelingen KUBEN
- Snorre Øverbø, avdelingsleiar arkivavdelingen KUBEN
- Anita Estensen, avdelingsleiar Grimstad bys museer
- Hind Helene Harira, avdelingsleiar Setesdalsmuseet

Organisasjonskart



Tilsette, likestilling og inkluderande arbeidsliv

Aust-Agder museum og arkiv har ei målretta tilnærming til likestilling og arbeid mot diskriminering på arbeidsplassen. Selskapet er opptatt av å fremme likestillings- og mangfaldsperspektiv i både faglege og administrative samanhengar.

	Kvinner	Menn	Totalt
AAma totalt	41	21	62
Leiing	1	0	1
Administrasjon og fellestjenester	9	5	14
Arkivavdelingen	8	7	15
Grimstad bys museer	3	2	5
Museumsavdelingen, inkl. Eydehavn Museet	10	3	13
Setesdalsmuseet, inkl. Bygningsvernssenteret	9	4	13

I tillegg har vi hatt personar på arbeidsmarknadstiltak, både i Grimstad og på KUBEN.

Vi har også tilsette på prosjektarbeid. For tida er det ein i Grimstad, to i Setesdal og to på KUBEN.

Arbeidsmiljø

A Ama har eit velfungerande arbeidsmiljøutval, vi har verneombod og HMS-ansvarleg, og vi har personvernombod. Det er godt utarbeidde rutinebeskrivingar for HMS-arbeidet og arbeidsmiljøet, som er lett tilgjengeleg, og kjent blant tilsette. Vi har god kontakt med bedriftshelsetenesta når de er behov for det.

Avvikssystemet fungerer, men vi ønsker å få rutinane over på elektronisk løysning. Dette vil vi jobbe med i 2026.

Arbeidsmiljøutval (AMU)

AMU hadde fire møter i løpet av 2025. Samansetning ved utgangen av 2025 var slik:

Leder: Jakob Tønnessen (arbeidstakar)

Medlemmer: Hanne Birkeland (arbeidstakar og HVO),
Hilde Jomaas (arbeidsgivar) og Anita Estensen (arbeidsgivar).

Sjukefråvær

I A Ama har vi ein stabil arbeidskraft, og det som trekker sjukefråværet opp, er langtidssjukefråværet. Svært få bruker eigenmeldingar, og dette fråværet er på under ein prosent. I 2025 hadde A Ama eit sjukefråvær (legemeldt og eigenmeldt) på 4,02 prosent.



Øverst:
Førstekonservator
Maria Björkroth og leiar
Hind Helene Harira ved
Setesdalsmuseet på befarung
på Tveitetunet i Valle.
Foto: Nina Fidje Blågestad/
A Ama

Nederst:
Musikalsk innslag frå fire
tilsette under Senioronsdag
om juletradisjonar på KUBEN.
Foto: Nina Fidje Blågestad/
A Ama



Anlegg og visningssteder fordelt på kommune

Arendal: KUBEN med Langsæ gård, Aust-Agder-tunet og Klokkebua, Merdøgaard museum og Tangen gravsted

Bygland: Bygland museum, Dampbåten Bjoren og Husmannsplassen Hagen

Bykle: Jernvinnemuseet på Hovden, Huldreheimen, Lislestog og Bykle gamle kyrkje

Evje og Hornnes: Evje og Hornnes museum, Evjemoen forsvarsmuseum og Evje mineralsti

Grimstad: Ibsen-museet, Sjøfartsmuseet i Aust-Agder, Hamsun-museet, Norsk Hagebruksmuseum og Dikterstuen på Nørholm

Kristiansand: Kjevik flyplass (Utstilling om byggeskikk og Ibsen-sitater)

Iveland: Iveland og Vegusdal bygdemuseum, samt Mineralutstilling Åkle

Tvedestrand: Angelstad skysstasjon

Valle: Setesdalsmuseet Rysstad, Rygnestad museum, Prestevodden og Tveitetunet.

Tilslutta museum

Arendal: Eydehavn Museet

Åmli: Elvarheim museum

Berekraft og miljø

HMS, som tek i vare alle myndigheitskrav på tvers av organisasjonen. Vi har krav om miljøsertifisering hos våre leverandørar, og i det ligger også krav om dokumentasjon om forsvarleg arbeidsmiljø og forbod mot barnearbeid.



Evje mineralsti er Setesdalsmuseets mest besøkte lokasjon. 1433 vaksne og 2564 barn var her i 2025. I dei gamle gravene er det funne 50 ulike mineral, noko som gjer stien populær både for steinentusiastar og skuleklassar.
Foto: Ronald Werner/Ama



Planverk

Verksemda arbeider etter planverk i form av verksemdsplan, avdelingsplanar og drifts- og vedlikehaldsplanar knyta til verksemdas ulike bygg, med deira behov.

Ytre miljø

AAma sin drift påverkar ikkje det ytre miljøet på negativ måte.

Finansiering

I samsvar med selskapsavtalen er eigarane forplikta til å yte eit årleg driftstilskot til drifta av selskapet. I rekneskapsperioden var driftstilskotet frå eigarkommunane til drift av museet 8,4 millionar kroner og frå Agder fylkeskommune kr 19,7 millionar kroner.

Statleg finansiering er ein føresetnad for drift, og blir fastsett i statsbudsjettet etter årleg søknad. For rekneskapsperioden var det ordinære statlege tilskotet på kr 27,1 mill.

Selskapet er underlagt Kultur- og likestillingsdepartementet sine krav om trygg økonomi- og ressursstyring, og profesjonell museumsdrift, gitt i tildelingsbrev til musea som mottek statleg tilskot. Salsinntektene i 2025 var totalt kr 4,5 mill.

[Lenkje til rekneskapsdokument >](#)

Driftsresultatet viser eit mindreforbruk på 243 000 kroner. På grunn av avvik i investeringsrekneskapet blir mindreforbruket i drift brukt til å dekkje delar av avviket i investeringsrekneskapet.

Eigarkommunane (15 kommunar og Agder fylkeskommune) og Kultur- og likestillingsdepartementet bidreg med driftstilskot, og er dei viktigaste bidragsytarane til budsjettet. Verksemda sine øvrige inntekter kjem frå billettsal,

museumsbutikk og kafe, samt omsøkte tilskot til ulike prosjekt frå offentlege og private aktørar. Tilskota bidreg til at verksemda, trass avgrensa driftsrammer, kan prioritere noko utvikling og aktivitetar, øyremerkte via tilskot.

Aust-Agder museum og arkiv søkte og mottok tilskot/utviklingsmidlar i storleiksorden 4,5 millionar kroner frå ulike stiftingar, fond og offentlege myndigheiter. Desse var: Kulturdirektoratet, Agder fylkeskommune, Stiftelsen UNI, Sør-fondet, Landbruksdirektoratet, Arkivverket, Stiftelsen DS Bjoren, Bygland kommune, Bykle kommune, Valle kommune.

Lønn inkl. sosiale kostnader viser eit overforbruk i høve til budsjett, men går reelt sett i balanse. Årsaka til meirforbruket er at det er oppretta prosjektstillingar på fleire prosjekt. Kostnadene til prosjektstillingar blir dekte gjennom eksternt omsøkte utviklingsmidlar. Utgifta som er kostnadsført på lønn i prosjekt er 2,2 millionar. Det er tilsvarende inntekter/lønntilskot i rekneskapet, som kjem som ekstraordinære tilskot frå staten og fylket til prosjekta.

Rekneskapet viser eit mindreforbruk for utgifter til kjøp som inngår i tenesteproduksjon. Det er eit resultat av at verksemda har hatt eit bevisst forhold til å redusere delar av drifta.

Verksemda har behov for å investere, både i infrastruktur, utstyr og formidlingsarenaer, for å levere på forventningane som ligg til verksemdar som blir finansierte innanfor rammene av det nasjonale museumsnettverket. I 2025 investerte vi for kr 9,1 millionar, som er omtrent det vi budsjetterte for. Det er eit etterslep på vedlikehald av bygningar og infrastruktur, som har stort behov for oppgradering. I 2025 hadde vi fleire store, kostnadskrevjande prosjekt. Det mest kostnadskrevjande tiltaket var ny brygge på uthamna Merdø, som måtte erstattast frå grunnen av. Vi oppgraderte òg formidlingsarenaene våre med oppgradering av foredragssalen på KUBEN og sjøfartsmuseet i Grimstad.


Udekka finansiering av investeringar er for åra 2024 og 2025 til saman 7,9 millionar. Dette overstig selskapet sitt disposisjonsfond per 31.12.2025. Denne underfinansieringa blir dekt inn i 2026.

Utfordringar og framtidsutsikter

Samfunnsutviklinga stiller nye krav til korleis kulturarvinstitusjonar som Aust-Agder museum og arkiv (AAma) arbeider og møter publikum. Samstundes har vi omfattande og langsiktige forpliktingar om å ta vare på bygningar, anlegg og samlingar av stor kulturhistorisk verdi. Dette er oppgåver som i liten grad kan effektiviserast, og som krev både tid og betydelege ressursar.

Det utvida oppgåvespennet, behovet for organisasjonsutvikling og krav frå eigarane om styrkt regionalt samarbeid, blir i avgrensa grad reflektert i dagens tilskotsnivå. AAma mottek mindre statleg støtte enn samanliknbare institusjonar både regionalt og nasjonalt. Ein langvarig praksis med kommunale tilskot utan deflatorjustering, kombinert med sterk pris- og lønnsvekst, har medført store økonomiske utfordringar. Dette har ført til eit vesentleg redusert økonomisk handlingsrom og nødvendiggjort bruk av tidlegare oppsparte fondsmidlar.

I 2025 har verksemda arbeidd systematisk med å styrkje strukturar og arbeidsprosessar for å sikre ei meir føremålstenleg og effektiv drift, men det er eit tydeleg etterslep knytt til bemanning og utvikling av sentrale stabsfunksjonar innan HR, økonomi, IT, arkiv, kommunikasjon, internkontroll, beredskap og sikkerheit. Tilsvarande er det store behov innan drift, kommunikasjon og marknadsføring – område som er avgjerande både for publikumsarbeidet og for moglegheita til å auke eigeninnteninga. Det avgrensa handlingsrommet gjer det vanskeleg å utvikle desse funksjonane slik organisasjonen treng.



Dømmesmoen er eit av dei mest populære rekreasjonsområda i austre del av Agder. Foto: Iselinn Andersen/ Visit Sørlandet

Lønnsutgifter utgjør om lag to tredjedeler av budsjettet. Høg lønnsvekst samanlikna med prisveksten fører til press på andre delar av drifta, særleg utviklingsarbeid. Eksterne tilskot bidreg positivt til prosjektgjennomføring, men utlysningar er ressurskrevjande og utfallet usikkert.

Aust-Agder museum og arkiv forvaltar 88 bygningar, inkludert tre freda anlegg. Det er eit betydeleg etterslep innan vedlikehald og sikring. For å sikre god ressursbruk blir det prioritert tidleg innsats, som kan hindre meir omfattande og kostbare tiltak på sikt. Samstundes er det behov for ei samla tilstandsvurdering og ein heilskapleg plan for vidare prioriteringar.

I 2025 blei restaureringa av museumsbygga på Merdø ferdig – eit prosjekt med høge kostnader. Trass i god støtte frå samarbeidspartnarar og eigarar har AAma dekt hovuddelen av finansieringa. Fleire av anlegga våre vil ha tilsvarande behov i åra framover, og institusjonen må difor framleis jobbe aktivt mot eksterne finansieringskjelder der dette er relevant. Eksterne aktørar bidreg likevel i hovudsak til prosjekt, særleg innan formidling, og sjeldan til driftsrelaterte kostnader.

Aust-Agder museum og arkiv IKS vil framleis arbeide for å utnytte dei avgrensa økonomiske ressursane på ein best mogleg måte. Samstundes er det ikkje gitt at alle forventningar frå eigarane kan innfriast innanfor dei økonomiske rammene som ligg føre i dag.



KUBEN i Arendal – godt synleg og ikkje så langt frå sentrum som mange trur.
Foto: Tore Jonssen,
Media Service AS

Besøksstader

Setesdalsmuseet

- 1 Hovden jernvinnemuseum
- 2 Huldreheimen
- 3 Lislestog
- 4 Bykle kyrkje
- 5 Rygnestad museum
- 6 Tveitetunet museum
- 7 Setesdal bygningsvernssenter
- 8 Setesdalsmuseet
- 9 Dampbåten Bjoren
- 10 Bygland museum
- 11 Evje mineralsti
- 12 Evje og Hornnes geomuseum
Fennefoss
- 13 Evjemoen Forsvarsmuseum
- 14 Iveland og Vegusdal Bygdemuseum

Grimstad bys museer

- 15 Ibsen-museet
- 16 Sjøfartsmuseet i Aust-Agder
- 17 Hamsun-museet
- 18 Norsk Hagebruksmuseum
- 19 Dikterstuen på Nørholm

KUBEN Arendal

- 20 Merdøgaard museum
- 21 KUBEN med Langsæ gård,
Aust-Agder tunet og Klokkebua
- 22 Angelstad skysstasjon
i Tvedestrand

Tilknyttede museum

- 23 Eydehavn-museet
- 24 Elvarheim museum

VEL BEVART, GODT FORTALT

Aust-Agder museum og arkiv IKS er satt saman av KUBEN i Arendal, Grimstad bys museer og Setesdalsmuseet. Saman forvaltar og formidlar me den historiske og kulturelle arven i fylket.

PARKVEIEN 16, 4838 ARENDAL | TLF. 37 01 79 00
ORG.NR. 986088695 MVA

